



Suldal kommune
Eidsvegen 7
4230 Sand

Kontakt saksbehandlar

Ida Eline Skålnes, 51568807

Fråsegn med motsegn til 1. gongs høyring av kommuneplanens samfunnsdel og arealdel 2022 - 2034, Suldal kommune

Me viser til oversending av høyringsbrev frå Suldal kommune dagsett 24.06.2022. Statsforvaltaren fekk utsett høyringsfrist til 20.10.2022.

Suldal kommune har lagt ut forslag til kommuneplan på offentleg ettersyn. Kommunen har revidert både samfunnsdel med tilhøyrande arealstrategi, og arealdel med tilhøyrande føresegner. Det er i korte trekk gjort eit godt arbeid med tydelege prioriteringar. Statsforvaltaren har motsegn til fleire arealendingar der forslaga er i strid med viktige nasjonale og regionale føringar. Me har også innspel i form av faglege råd og juridisk rettleiing for å styrke kommuneplanen som eit styringsverktøy.

Bakgrunn

Saka gjeld høyring av Suldal kommune sin samfunnsdel og arealdel for 2022-2034.

Kommunen har valt ut fire hovudmål:

- Å leva, bu og trivast
- Attraktive Suldal
- Grøne Suldal
- Nyskapande arbeidsgjevar

Samfunnsdelen gir ein god omtale av kva som ligg i desse måla og kva kommunen vil gjere for å nå dei. Koplinga mellom FN sine berekraftsmål og prioriteringane kunne med fordel vore tydelegare.



Det er tydeleg at kommunen har hatt eit godt opplegg for offentleg medverknad, sjølv i ein utfordrande periode med pandemi. Det er haldt sju opne grendemøte med nært 200 deltakarar, i tillegg til møte med næringsliv og organisasjonar. Å ha gjennomført eit så grundig opplegg for medverknad vil vere ein styrke både i og etter prosessen med kommuneplanen.

Me vil rose kommunen for strukturerte og oversiktlege plandokument. Planomtalen har ei oversikt over kva innspel som er tatt inn og kva som ikkje vart tatt med, med korte og presise bakgrunnsvurderingar frå kommunen. KU samledokument har alle relevante opplysningar innleiingsvis for alle innspel, inkludert gards- og bruksnummer. Dette gjer det enkelt å finne dei ulike områda også i andre kartportalar enn kommune.no. Dei innspela som blei tatt med ved politisk behandling, kunne også med fordel ha blitt inkludert i planomtalen.

Samfunnsdelen

Samfunnsdelen er oversiktleig og lett å lese, med tydelege mål om kva kommunen vil («me vil at») og korleis dei ønskjer å oppnå måla («derfor skal me»).

Med omsyn til dei store arealinnspela som er komen inn i samband med rullering av arealdelen, då særleg Wind Works Jelsa, saknar me eit fokus på den generelle samfunnsutviklinga i kommunen og ein omtale av korleis kommunen tenker å handtere ei potensiell auke i befolkninga. Kommunen har nemnd at det er kapasitet på bustadområda i Jelsa og at det også er mogleg å regulere om områder som per i dag er avsett til fritidsbustadføreml. Utover dette kan me ikkje sjå at det føreligg ein strategi knytt til faktorar som blir utløyst av ei slik tilflytting. Til dømes behov for kapasitet i barnehage, skular og helsevesen, eller tilgang på arbeidsplassar til ektefellar/sambuarar. Statsforvaltaren har forståing for at ein ikkje kan basere samfunnsdelen på eitt enkelt arealinnspel, men ein bør likevel reflektere over om kommunen faktisk har kapasitet i alle ledd til å ta i mot ei slik potensiell auke i befolkning, eller eventuelt kva tiltak som må til. Ein strategi for ei slik utvikling må følgjast opp med relevante arealinnspel.

Kommunal styring

Kommunen skriv under «vegen vidare» at samfunnsdelen er styrande for økonomiplan og handlingsplan. I planforslaget vert det berre vist til handlings-/økonomiplanen som ein illustrasjon på siste side. Me saknar ei nærare skildring i planforslaget av korleis handlingsplanen og økonomiplan skal samordnast. Det vil vere ein styrke for kommuneplanen som styringsreiskap om ein og beskriv korleis prosessen med samordning skal gjerast, samstundes som ein sikrar medverknad.

Handlingsplanen konkretiserer kommunen sine prioriteringar, angir ressursfordeling og presiserer resultatmål, ref. Kommunal og Moderniseringsdepartementet (KMD nå KDD) sin rettleiar til kommuneplanprosessen. Oppbygging av handlingsdelen bør spegla innretninga på samfunnsdelen om den er strukturert etter kommunesektorane, eller tema. Eit temaområde vil vere fristilt kommunens sektorinndeling og ha tverrsektoriell oppfylgning.

Krav om handlingsplan fylgjer av plan – og bygningslova § 11-1. Av regelen går det fram at kommuneplanen skal ha ein handlingsplan og at økonomiplanen kan inngå i eller utgjera handlingsdelen.



Handlingsdelen er et viktig verktøy for å sikre gjennomføring av kommuneplanens samfunnsdel. Når ein vel å integrera handlingsdel og økonomiplan er det ein føresetnad at krava i både plan- og bygningslova og kommunelova vert etterleve.

Utdanning

Suldal kommune har utfordringar med å rekruttera og behalde lærarar i barnehage og grunnskule. Tre av barnehagane oppfyller ikkje pedagognorma, og to barnehagar har ingen pedagogiske rettleiarar som er utdanna barnehagelærarar, i følge BASIL-rapporteringa. Fleire skular har utfordringar med å rekruttere lærarar og skuleleiing.

Under hovudmålet Attraktive Suldal er det lista opp ei rekke strategiar for å betre, synleggjere og utvikle kommunen som arbeidsgivar. Konkrete tiltak er ikkje nemnt i planen, men i følge planstrategien skal det utarbeidast ein strategi for dette i år. Statsforvaltaren rår kommunen om å evaluere og justere tiltak løypande, då bemanningssituasjonen i sektoren er alvorleg.

Suldal er en liten kommune, og det er naturleg at resultatene varierer frå år til år. Men dei siste 3 åra har meir enn kvar femte elev på 10. trinn oppgitt at dei blir mobba på skulen. Elevane har i same periode oppgitt å ha langt lågare motivasjon og trivsel enn fylkes- og landsnittet.

Inkluderande skule- og barnehagemiljø er eit av måla under Å leva, bu og trivst. Det er ikkje ytterlegare konkretisert kva for strategiar og tiltak som skal iversettast, og kommunen ønskjer heller ikkje at kommuneplanen skal være så detaljert. I høyringane til planstrategien og planprogrammet, etterlyste Statsforvaltaren eigne planer eller strategidokument med målsettingar, strategiar og tiltak for skule- og barnehageområdet. Dersom kommunen ikkje ønskjer å utarbeide ein slik plan eller strategi, bør tiltak inkluderast i kommuneplanen. Elles er det fare for at måla blir lausrivne frå arbeidet i opplæringssektoren.

Helse

Systematisk og kunnskapsbasert folkehelsearbeid er ein føresetnad for ei berekraftig samfunnsutvikling

Folkehelse er eit tema som angår alle deler av eit samfunn, har stor påverknad på livskvalitet og har avgjerande betydning for utviklinga av berekraftige (lokal)samfunn. Det er derfor viktig at kommunen gjennom planarbeidet sikrar eit langsiktig, systematisk og kunnskapsbasert folkehelsearbeid.

Det er positivt at forslaget til kommuneplanen sin samfunnsdel så tydeleg fastsett mål og strategiar som kan legge til rette for ei slik sosial-, økonomisk- og miljømessige berekraftig samfunnsutvikling, der folkehelseperspektivet er vert ivaretatt.

Sjølv om det går fram av planen at samfunnsdelen skal være førande for alle underliggende planar og strategiar så saknar me ei konkretisering av korleis dei fire valde satsingsområda skal fyljast opp i vidare planarbeid.



Kommunen sine utgifter til helse- og omsorgstenester vil sannsynlegvis auka i tiåra som kjem, og utviklinga må difor møtast med planlagde, langsiktige og systematiske tiltak for å sikre tenestene. Me ser av planstrategien at det skal utarbeidast strategiar for kompetanse og rekruttering i denne perioden. Det kan vere eit godt grep å gi overordna føringar i kommuneplanen for korleis ein skal sikra at velferdstenestene og i framtida har tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse. Se Helse- og omsorgsdepartementets nye handlingsplan; Kompetanseløft 2025.

Samfunnstryggleik

Her er det gode ambisjonar for korleis Suldal vil bidra i det grønne skiftet, ta vare på natur og miljø, og bli ein klimarobust kommune. Desse måla er også konkretiserte i «derfor skal me», der det er mange gode tiltak for å oppnå ambisjonane. Det gjeld også energibruk, og klimavennlege byggemateriale. Det er positivt at naturbaserte løysingar blir prioriterte i samfunnsdelen, både når det gjeld overvasshandtering, skred og flaum. Ivaretaking av areal som kan dempe effektane av klimaendringane er eit viktig grep.

Me foreslår at ein under andre kulepunkt side 17 legg til at ein vil bruke heilskapleg ROS-analyse som verkemiddel i planlegging. Det er føreseieleg og strukturert å dra liner ifrå heilskapleg ROS via samfunnsdelen og vidare til arealplanlegging.

På side 20, der mål er å styrka den sosiale berekrafta, står det at hovudutbygging av bustader skal vere i gå-/sykkelavstand til butikk/skule i grendesentra. Vi er samde i at dette er god samfunnstryggleik og bidrar til mål om å laga ein trygg kommune. Ved å sikra gruppene born/unge, eldre og funksjonshemma sine interesser i kommunen, blir det ein god og trygg kommune å bu i for alle.

I det nest siste kulepunktet på side 21 om arealstrategi vil ein vere restriktive med å leggje ut byggeområde i 100-metersbeltet langs sjø. Me foreslår og at ein nemnar omsynet til klimaendring i form av havnivåstigning her.

Arealstrategi

Det er sett opp ein langsiktig arealstrategi som skal gje føringar for arealbruken i arealdelen til kommuneplanen. Arealstrategien er bygd opp på dei tre dimensjonane som FN sine berekraftsmål er bygde på; sosial, økonomisk og miljømessig berekraft. Arealstrategien fokuserer på ein balansegang mellom å ha tilgjengelege areal til bustad, fritidsbustader og næring, og å ta vare på landbruksareal, kulturminne og natur. Behova skal balanserast ved at det skal leggast vekt på høg tettleik ved utbygging, at bustader skal vere i gong- og sykkelavstand frå butikk og skule, og at omdisponering av areal til fritidsbustader skal vere basert på behov og samsvare med utbyggingshastigheit. Kommunen skal vere restriktive i å legge ut byggeområde i 100-metersbeltet.

Det er lagt ut areal både langs strandsona og til fritidsbustader, men innspela som er tatt med er relativt avgrensa. Det er foreslått omdisponert areal i sjø og på land som kan få store konsekvensar for postsmolten, trass i at det i arealstrategien er vist til at kommunen skal ta vare på Sandsfjorden som nasjonal laksefjord. Samstundes er det ikkje opna for nye oppdrettsanlegg. Vidare er det skreve at kommunen skal satse på større, felles småbåtanlegg i staden for å spreie utover mange små.



Statsforvaltaren merka seg at det kom fleire dispensasjonssøknader om utviding eller etablering av småbåtanlegg i tida før kommuneplanen kom på høyring, fleire av desse kunne mest sannsynleg blitt handsama som ein del av kommuneplanen i staden for som enkeltvise dispensasjonar. Samstundes som arealstrategien skal leggje føringar for arealdelen, skal den også legge føringar for kommunen si sakshandsaming i tida framover. Det vil derfor vere viktig å følgje opp punkta i arealstrategien også i enkeltsaker. I all hovudsak vurderer me at kommunen har følgd dei prioriteringane dei har sett seg frå arealstrategi til arealdel, men med nokre unntak.

Eit av satsingsområda i samfunnsdelen er «grøne Suldal». Under «me vil at» skriv kommunen blant anna at Suldal skal vere ein klimarobust kommune. Under «derfor skal me» står det «ta vare på økosystemtenester som våtmarker, myr og kantvegetasjon som kan dempe effektane av klimaendringane». Dette er til dels følgd opp i arealstrategien ved at kommunen skal vektleggje høg utnyttingsgrad i bustad-, fritidsbustad- og næringsområde for å nå dei nasjonale måla om redusert omdisponering av dyrka mark og å redusere inngrep i våtmark og myrområde. Statsforvaltaren meiner kommunen med fordel kunne gitt klima enda meir plass i arealstrategien og vore enda meir konkret i høve til tiltak. Konkrete føringar er også enklare å leggje til grunn for saksbehandlinga i kommunen, og dermed lettare å følgje opp.

Arealdelen

Av totalt 41 innkomne arealinnspel er om lag halvparten tatt inn. Trass i at fleire av arealinnspela er omdiskuterte og grunnlag for høgt konfliktnivå på fleire område, kan Statsforvaltaren sjå at det er lagt ned mykje arbeid og gjort tydelege prioriteringar blant dei arealinnspela som er tatt med i arealdelen.

Risiko og sårbarheit (ROS)

Kommunen har gjort ei systematisk risikoidentifisering for alle nye byggeområde. Kommunen har også basert dette arbeidet på den heilskaplege risiko-analysen. Planomtalen viser til ti oppfølgingsforhold frå kommunen sin heilskaplege ROS-analyse. Dette er ein god måte å kople kommuneplan til heilskapleg ROS-analyse. Innspel til utgreiingstema frå oss om tsunami i Suldalsvatnet er svart ut i planomtalen.

Omsyn til samfunnstryggleik skal vere førande for arealplanlegginga og me ser at kommunen har kommentert potensielle risikoforhold i vurderinga av dei nye byggeområda, men vidare analyse er utsett til regulering. Dette er ikkje nok til å dokumentere at alle risiko- og sårbarheitsforhold som har relevans for utbygginga er analysert, jamfør plan- og bygningslova § 4-3. Analyse av risiko og sårbarheit skal både vere knytt til areala slik dei ligg, og etter dei blir bygde ut. Døme på dette kan vere analyse av naturfare i det aktuelle arealet, mogleg auka avrenning som følgje av utbygging eller risiko ved plassering av anlegg i forhold til kvarandre.

Når det blir identifisert risiko knytt til areal som blir vurdert utbygd, må det på kommuneplannivå gjerast ei vurdering av om området er eigna til føremålet. Analysen kan baserast på eksisterande kunnskap. Dersom utbygging kan påverke eksisterande bygg eller byggeområde må også dette takast med i analysen, jf. rundskriv H-5/18. Når dei aktuelle risikoforholda er avdekkja må kommunen



identifisere tiltak for å redusere risiko og sårbarheit der det er naudsynt. Der det er hensiktsmessig må det lagast omsynssoner og knytast til føresegner.

Gjennomgåande må ROS-vurderinga vere merka som raudt (for uakseptabelt) når tiltak ligg i områder som er markert som aktsemdsone for naturfare. Sjå til dømes aktsemdkart i temakart-rogaland.no. Me ser at aktsemdkarta for jord- og flaumskred ikkje har vore sjekka ut på alle arealinnspele. Kommunen må sjå til at alle omsynssoner blir sjekka ut for alle innspele. Kommunen har lagt inn marin grense og omsynssone for drikkevasskjelde i plankartet. Dette er gode grep. Aktsemdsone for stormflo med havnivåstigning bør også ligge i arealkartet.

De vil sjå at me har fremma motsegn mot dei områda som er lagt inn i kommuneplanen på tross av identifisert risiko, og utan vidare analyse og vurdering av om risikoen er akseptabel.

Klima

Tap av karbonbinding ved nedbygging av myr og skog er vurdert i planomtalen, og samla sett vil innspele føre til «noko reduksjon» i karbonrike areal i Suldal. Det er positivt at kommunen har rekna på dette, og at det er del av utgreiingstema. Me saknar likevel meir systematisk vurdering av både klimagassutslepp og klimatilpassing.

Karbonrike areal som våtmark/myr og skog med høg bonitet bør vurderast med tanke på klimagassutslepp. Kommunen bør vurdere omsynssone for karbonrike areal i kommuneplan, og for flaumveg. Me saknar føresegner som bidreg til å følgje opp måla i høve til det grønne skiftet. Korleis vil Suldal sikre overgang til berekraftig forbruk og produksjon, energisparing og fornybar energibruk? Sol, jord og sjø kan vere kjelder til fornybar energi. Endringane i energimarknaden og aukande prisar på energi viser stadig tydelegare at det er viktig å nytte kombinasjonar av ulike energiløysingar. Det kan vere nyttig å konkretisere energifleksibilitet i føresegnene i kommuneplan.

Statsforvaltaren har vurdert dei arealinnspele som kommunen har avgjort å ta med inn i kommuneplanen for 2022-2034, og har, basert på dei omsyna me er sett til å ta vare på gjennom plan- og bygningslova, følgjande motsegner, faglege råd og merknader til planen:

Utvikling på Berakvam

Det er kome fleire innspel om omdisponering som vil gå føre seg i Berakvam-området på Jelsa. Då det er ei viss grad av synergi mellom innspele her og delar av dei må sjåast i samanheng med kvarandre, har me valt å samle våre merknader til desse innspele. Under kjem derfor våre merknader til følgjande arealinnspele:

- **RU1 og ST1 (råstoffutvinning og anleggsveg, innspel nummer 16-1)**
- **NÆ1, VK13, HOS1 (næringsområde, kai og hamneområde, innspel nummer 16-1)**
- **KBA1 og HOS1 (kombinert føremål og hamneområde, innspel nummer 8)**
- **Omlegging av farled**



Innspelet om utviding av uttaksområdet til Norsk Stein er arealmessig det største som er foreslått tatt inn i kommuneplanen. Som det går fram av planomtalen er innspelet møtt med protest frå naboar. Protestane er knytt til støy, støv, ristingar, tap av naturmangfald og nærturområde. Innspelet om kombinert føremål næring/råstoffutvinning der Wind Works Jelsa ynskjer å etablere seg er også konfliktfylt i høve til naturmangfald. Realisering av prosjektet krev omlegging av farleden som går gjennom Straumbergsundet, noko som også er konfliktfylt i høve til naturmangfald.

Norsk Stein er ei viktig hjørnesteinsverksemd for Suldal kommune, og Wind Works Jelsa representerer eit stort potensiale for arbeidsplassar og tilflytting. Statsforvaltaren har forståing for at kommunen ønskjer å leggje til rette for utvikling. Ut frå føresegnene kan me sjå at kommunen har gjort forsøk på å dempe konfliktnivåa og sørge for vidare utgreiingar ved detaljregulering av områda. Kommuneplannivået er overordna og det er vanleg at detaljane kjem på plass gjennom ei seinare detaljregulering. I vår vurdering av desse innspela vil de likevel sjå at me krev at fleire av desse detaljane blir gjort greie for allereie no. Dette er fordi me meiner dei er heilt sentrale for å kunne avgjere om det er akseptabelt å omdisponere desse områda i det heile. Som de vil sjå nedanfor, er Statsforvaltaren sin vurdering at denne arealføremålsendringa ikkje er tilstrekkeleg opplyst i høve til særleg konsekvens for naturmangfald, helse og klima. Vi syner til krava til utgreiing av saka i forvaltningslova §17, naturmangfaldlova § 8-12 og plan- og bygningslova § 4-3 (jf. Forskrift om konsekvensutredning).

Plan og bygningslova § 3-1 bokstav b viser til viktigheita av å sikre jordressursar, kvalitetar i landskapet og vern av verdifulle landskap og kulturmiljø. Gjennom naturmangfaldlova §§ 8-12 skal ein sikre at offentlege avgjersler så langt det er rimeleg bygger på vitskapeleg kunnskap om artar sin bestandsituasjon, naturtypene si utbreiing og økologisk tilstand, samt effekten av påverknader. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til saken sin karakter og risiko for skade på naturmangfaldet. Mangelen på kunnskap blir følgt opp av naturmangfaldlova § 9, føre-var-prinsippet, som sikrar at når det blir gjort ei avgjersle utan at det føreligg tilstrekkeleg kunnskap om kva verknader den kan ha for naturmiljøet, så skal det tas sikte på å unngå mogleg vesentleg skade på naturmangfaldet. Føreligg det ein risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet, skal ikkje mangel på kunnskap brukast som ei grunngjeving for å utsetje eller unnlate å treffe forvaltningsvedtak. I vår uttale til innspela på Berakvam på Jelsa set me eit særleg fokus på nettopp kunnskap, og konsekvensane av tiltaket for nasjonale og regionale naturverdiar.

Tiltaka vil samla sett medføre ei auke i støy, støv og andre negative konsekvensar. I gjennomgang av planomtalen for arealdelen er helsemessige forhold i liten grad omtalt. Arealinnspela i planen vert vurdert til å ha liten verknad på folkehelsa i kommunen med unntak for innspela om næringsutvikling i området rundt Berakvam. Det er utvidinga av Norsk Stein og etablering av Wind Works Jelsa, som etter kommunen sin vurdering, kan ha negativ påverknad på folkehelsa i nærområdet. For å redusere dei negative verknadene set føresegnene til arealplanen krav til detaljerte utgreiingar om støy og avbøtande tiltak når reguleringsarbeidet skal gjerast.

Konsekvensutgreiingane som er gjort til arealinnspela har ein eigen KU-kategori for «Friluftsliv og folkehelse». I den grad helsemessige forhold vert omtalt, gjeld det først og fremst støy og litt om støv og lys som kan ha påverknad på folkehelsa. Andre faktorar som kan påverke helsa vert ikkje omtalt. I



utgreiingane som ligg føre vert det konkludert med at føresegner og avbøtande tiltak vil syte for at ein er innafør grenseverdiane som lov og forskrift (forureiningslova) set, og følgeleg vert helsemessige omsyn varetekne.

Me er kjent med at arealinnspele til Norsk Stein og Wind Works har vekt stort lokalt engasjement. Blant anna vert det hevda frå folk som meiner seg råka av saka, at ei slik planlagd næringsutvikling vil ha store negative konsekvensar for helsa og livskvaliteten deira. Me kan ikkje sjå av planforslaget eller konsekvensutgreiingane, at dette er undersøkt og vurdert.

Når det gjeld folkehelse, så vert folkehelse i folkehelselova (§ 3) definert som helsa i befolkninga eller i befolkningsgrupper og kan gjelda heile befolkninga eller mindre områder i kommunen. Vidare er folkehelsearbeid samfunnets innsats for å påverka faktorar som fremjar helse eller forebyggjar sjukdom.

Lova klargjer kommunen sitt ansvar med å sikra eit kunnskapsbasert og systematisk folkehelsearbeid. Mellom anna skal kommunen føre tilsyn med faktorar og forhold i miljøet som direkte eller indirekte kan ha påverknad på helsa (§§ 4 og 9). Ansvar og oppgåva for dette vert som regel lagt til kommunen sitt Miljøretta helsevern (MHV). Dette «følge med-ansvaret» må sjåast i samanheng med oversiktsbestemmelsen i § 5 om kommunen si plikt til å ha oversikt over helsetilstand og faktorar som kan påverka helsa negativt.

Vurdering av planar etter plan- og bygningslova er ei sentral oppgåve for MHV. Det vil vere i tråd med formålsparagrafen i forskrifta til miljøretta helsevern at dei bidreg med råd og rettleiing i kommunen si areal- og samfunnsplanlegging etter plan- og bygningslova. Miljøretta helsevern bør difor involverast på eit tidleg stadium med helsefaglege vurderingar til aktuelle sektormyndigheiter. Den helsefaglege vurderinga bør gjerast av miljøretta helsevern og ikkje av sektormyndigheita sjølv, fordi det er helsemyndigheitene som er kvalifisert til å vurdera helsemessige konsekvensar av ulike tiltak. Det vil heller ikkje vere tilstrekkeleg å syne til anna regelverk eller til andre myndigheites forvaltningspraksis som fastset krav eller normer grunna i helseforhold til dømes forureiningslova fordi vurderingstema etter forskrift om miljøretta helsevern er annleis, sjå merknad til § 3 i forskrifta.

Det ligg og til MHV å vurdera kor vidt summen av fleire miljøfaktorar utgjer ein større helsefare enn kva miljøfaktorane enkeltvis utgjer.


Det følgjer av plan- og bygningslova § 4-2 eit krav om konsekvensutgreiing som gjeld ved rullering av arealdelen til kommuneplanen. Etter vår vurdering er ikkje den konsekvensutgreiinga som er utarbeida i denne saka tilstrekkeleg grundig i høve til naturmangfald eller helse. Slik saka er opplyst er det ikkje mogleg å ta stilling til om det er forsvarleg å omdisponera dei nemnte områda. Det er heller ikkje tilstrekkeleg å utsetje dette til detaljreguleringsplan, då ein må ha tilstrekkeleg kunnskap om dei overordna konsekvensane allereie på kommuneplannivå.

Statsforvaltaren har følgjande merknader til arealinnspele som er foreslått på Berakvam:



RU1 og ST1 (innspel 16-1), Kordalsnuten, Grønneviksåsen.

Norsk Stein ynskjer å utvide uttaksområdet på Berakvam på Jelsa. Området er foreslått utvida i nordaustleg retning frå dagens uttaksområde, med eit areal på toppterreng på 2818 daa. Framlegget presenterer ein uttaksmengd på 1466 millionar tonn stein (ned til kote -55) og ein tidshorisont på opp til 120 år. Framlegget om uttak av stein skjer etappevis og startar i sør-aust og vert utvida langs austleg side



mot nordaust i fleire etappar. I tillegg er det tenkt tunnel på om lag 2.1 km med transportband for massetransporten mellom eksisterande og framtidig uttaksområde, og intern tilkomstveg med ei breidde på 10 meter, stigning på 10 % og lengd på 1,7 km som skal nyttast til transport av tunge køyretøy/maskinar, arbeidskraft og servicetenester, samt ved evakuering ved uønskte hendingar.

Norsk Stein har per i dag eit av dei største masseuttaka i Nord-Europa. Innspelet om utviding av drifta vil føre med seg eit irreversibelt inngrep der alt biologisk mangfald i og omkring området vil bli varig påverka. All natur i tiltaksområdet vil bli fjerna, og den framtidige verksemda vil påverke også omkringliggjande areal. For å få ei oversikt over konsekvensane tiltaket vil medføre på naturmangfald, er det gjennomført ei konsekvensutgreiing (KU) av Asplan Viak (2021)¹ som omfattar temaet naturmangfald på land. Dette arbeidet vil, saman med andre kjelder i offentlege dataregister og lokal kunnskap, vere kommunen sitt verktøy for å vurdere om tiltaket kan forsvare tap av biologisk mangfald.

Statsforvaltaren kjenner seg igjen i den skildringa av naturmangfaldet som kjem fram av KU-arbeidet. Området er karakterisert i hovudsak av eldre og gammal furuskog, med parti av edellauvskog og intermediært rike markslag. Det er også ein del eldre ospeholdt i dei mindre rike partia av skog. Skogmarka er dominert av fattig skogmark, lyngskog (tørr) til blåbærmark (frisk) og torvdominert skogsmark (fuktig), til middels rik svak-lågurt skogsmark. I KU blir det vist til skogstaksering i 2016 for å finne gammal skog og eldre skog, jamfør Skogportalen (NIBIO)². Vidare har NIBIO i skogportalen publisert eit kartlag over den eldste skogen. Det viser her at ein betydeleg del av skogen har høg alder både for Grønneviksåsen og rundt Kordalsnuten. Andre areal er vurdert som eldre skog. Utanom nyare hogstflater mot vest, ber skogen preg av naturskognærleik med få inngrep og berre ekstensivt nytta. Det er stadvis ein god del dødved og kontinuitet i dødvedkvalitet. I skogen finn ein regelmessige førekomstar av ståande død ved. Dødved er viktige habitat for sopp, lav, mosar og insekt, og blir dermed også viktige innslag for skogen som eit heilskapleg økosystem og funksjonsområde for fugl og vilt.

Området er kupert med fleire skårar i og brattskrentar med ulik eksposisjon, det er eit sterkt oseanisk klima i boreonemoral til sørboreal sone. Dette gir rom for skogar med svært høge fuktforhold, som gir gode forhold for oseaniske artar og naturtypar. Dette visast igjen i dei artane og naturtypane som er registrert i området. Her finn ein både edellauvskog og fattig furuskog, tørr eksponert skogsmark

¹ Asplan Viak (2021). Kartegging naturmangfold Innspill kommuneplan Jelsa, Suldal, versjon 02. 24 s.

² https://kilden.nibio.no/?topic=skogportal&lang=nb&X=7195706.12&Y=275054.87&zoom=0&bgLayer=graatone_cache



og boreonemoral regnskog. Her finn me, jamfør KU, alt frå velutvikla lungenerversamfunn til kystmark og varmekjære edellauvskogar.

Naturtypar

I KU er det registrert 15 naturtypar som blir påverka av tiltaket. Tiltaksarealet inkluderer også ein planlagt veg mellom eksisterande anlegg og foreslått framtidig uttaksområde (ST1). Asplan Viak har vurdert konsekvensane for dei naturtypane som blir påverka direkte av eit eventuelt uttak.

Statsforvaltaren kjenner seg igjen i naturtyperegistreringane og verdivurderinga av naturtype etter HB-13, jamfør tabell 1 i KU. Me er derimot ikkje samde i dei vurderingane som er gjort basert på desse etter V712 (Statens Vegvesen si handbok for KU). Det er ei viss grad av inkonsistens i vurderingane av konsekvens mellom naturtyperegistreringane, jamfør tabell 3 i KU. Denne vurderinga vil påverke samla vurdering av tiltaket på naturmangfaldet.

Heile 7 naturtypeførekomstar ligg i sin heilskap innanfor tiltaksområdet, og berre éin av desse er vurdert til naturtypeverdi C, jf. tabell 1 i KU, noko som gir middels verdi jf. tabell 6-23 i V712. Dei andre naturtypane er vurdert med naturtypeverdi B (jf. tabell 1), noko som gir stor verdi, jf. tabell 6-23 i V712. Alle desse områda vil få 100% irreversibelt arealbeslag, det vil seie at alle desse skal vurderast som sterkt forringa, jf. tabell 6-24 i V712. Om ein studerer desse parameterane i konsekvensvifta, jamfør handbok V712, så ser me at dei med middels verdi som blir sterkt forringa skal vurderast som betydeleg miljøskade (--), medan dei som har stor verdi og blir sterkt forringa minst skal vurderast som alvorleg miljøskade (---) eller svært alvorleg miljøskade (----). Dette betyr at av område som ligg heilt innanfor tiltaksområdet, så skal seks naturtypar vurderast som alvorleg/svært alvorleg miljøskade (---/----), medan ein naturtype får betydeleg miljøskade (--). Dette er eit betydeleg avvik samanlikna med konklusjonen i konsekvensutgreiinga om naturtema i KU.

Utover dette blir to naturtypelokalitetar (nr. 1 og 4) råka av tiltaket, jamfør tabell 3 i KU. *Harastigfjellet N (nr. 1, naturbase = BN00104768)* er registrert som boreonemoral regnskog av verdi B (Hofteon 2015)³. Det går fram at området er undervurdert då artsinventaret ikkje er tilstrekkeleg undersøkt; «...stort potensial for interessante og sjeldne moser». Dette er ei artsgruppe som det ikkje er undersøkt for blant naturtema i KU. Dette området vil bli råka som ein konsekvens av den planlagde anleggsvegen (ST1) som er planlagt etablert inntil skogen. Boreonemorale regnskogar er avhengige av luftfuktigheit, og tiltak i kant av slike skogar vil føre til utlufting. Skogen vil derfor bli negativt påverka, også utover det aktuelle arealbeslaget, fram til ny skogkant er etablert. I dette tilfellet vil ein kunne rekne med ei reetableringstid på 10-20 år, dersom skogen ikkje blir utsett for ytterlegare forringing. Her er det også eit element av stor grad av usikkerheit knytt til Asplan Viak si vurdering. Dersom ein set saman ei undervurdering av naturverdien til naturtypen, og ein meir realistisk grad av påverknad, er det ikkje urimeleg å vurdere konsekvensane som betydeleg miljøskade (--).

Blokkskorane SV (nr. 4) er ein rik edellauvskog med storvokst styva asketre med innslag av hassel og noko alm. Ask og alm er begge treslag som no er vurdert til å vere sterkt truga (EN) jf. norsk raudliste for trua artar (2021). Her er det utvikla lungenerversamfunn. Det er ikkje opplyst om kva artar som er funne. Her er det knytt usikkerheit til omfanget av påverknad utover arealbeslaget, som blir vurdert

³ Hofteon (2015). Naturverdier for lokalitet Kordalsnuten, registrert i forbindelse med prosjektet Kystfuruskog Rogaland/Hordaland 2014. <https://faktaark.naturbase.no/?id=BN00104768>



til «noko forringa» jamfør tabell 3 i KU. Dette fører til at naturtypelokalitetane som er vurdert til å bli råka ved av tiltaket i KU, jamfør tabell 3, etter vår vurdering, i nokon grad er undervurdert med omsyn til konsekvens. Etter vår vurdering er det tre lokalitetar som vil få betydeleg miljøskade (--) og heile seks naturtypar som skal ha alvorleg eller svært alvorleg miljøskade (---/----).

I tillegg til naturtypelokalitetane som blir råka ved av tiltaket jamfør tabell 3 i KU, så er det også fleire naturtypar som ligg inntil tiltaksområdet. Desse vil bli sterkt råka gjennom støv, støy, lys, avrenning og redusert nedslagsfelt. Me vil særleg trekkje fram naturtypelokalitet nr. 6 i KU, samt ein naturtypelokalitet som ikkje er vurdert i KU (Vendalstjørna med kystmyrareal).


*Lokalitet nr. 6 Saga-lia (BN00082147)*⁴ er registrert som ein gammal fattig edellauskog med verdi A. Det vil seie svært stor verdi etter V712, jamfør tabell 1 i KU. Dette er ein askeskog med fleire styvingstre av ask, alm og lind. Ask og alm er i dag raudlista som stekt trua (EN) og lind er nært trua (NT). Desse kjem i tillegg til dei raudlistearterane som er registrert i Saga-lia i tabell 1 i KU. Tiltaksområdet grensar til naturtyperegistreringane mot nordvest. Kor stor negativ påverknad desse vil utsettast for gjennom forureining frå støy, støv og lys er usikkert, men kanten som er planlagt etablert inntil edellauskogen vil føre med seg ei endring i dei økologiske funksjonane også innover i skogen. I tillegg vil skogen oppleve endring i vasshushold ved at sentrale delar av nedslagsfeltet over tid vil endrast. I periodar av tiltaket vil skogen med stort sannsyn bli påverka av overflatevatn.

Tiltaket tar sikte på å senke arealet i nedslagsfeltet under øvre kote for Saga-lia. Redusert tilførsel av vatn/grunnvasstand vil føre med seg ei endring i dei økologiske forholda i Saga-lia, både med omsyn til dyre-, insekt- og planteliv. Det er ikkje usannsynleg at naturtypen gammal fattig edellauskog vil få endra karakter i store delar av skogen. For Saga-lia vil dette bli ein negativ konsekvens, men det er uvisst i kor stor grad skogen blir påverka. På bakgrunn av varigheit vil eit konservativt anslag vere «noe forringet» til «forringet», jamfør tabell 6-24 i V712. Dette vil tilsvare minst betydeleg miljøskade (..), jamfør konsekvensvifta i V712.

Myrområde

Vendalstjørna med kringliggjande myrflatar inngår ikkje i sjølve uttaksområdet, men ligg innanfor utgreiingsområdet. Konsekvensar for dette myrområdet er likevel ikkje nemnd i KU som er utarbeidd i samband med innspelet.

Området høyrer til klart oseanisk seksjon i borenemoral regnskog, jamfør Bioklimatiske soner i Økologiske grunnkart. Myrflata er i samband med myrundersøkingar for økonomisk kartgrunnlag (ØK) vurdert som djup myr med ikkje nøysam vegetasjon (jf. NIBIO). Området passer til kriteria for kystmyr



Figur 1: Saga-lia med avrenningslinjer frå tiltaksom

⁴ Saga-lia (BN00082147) <https://faktaark.naturbase.no/?id=BN00082147>



med anna utforming enn kystmyr. Vegetasjonsdekket er fattig til intermediaer, og det var ved synfaring i september i år ingen synlege teikn til grøfting på myrflata og myrkant. I nord går det ein skogsbilveg med ein kantsone mellom veg og myrflate, noko som tilseier intakt myrflate. Det er to mindre tjern i myra som truleg er fisketomme, og som inngår som ein del av lokaliteten. Området har betydelege spor av hjortevilt og inngår derfor også i funksjonsområdet til fugl og dyr. Det er ikkje gjort grundige undersøkingar av biologisk mangfald. Etter vår vurdering er potensialet stort på grunn av den store intakte myrflata og tilhøyrande myrkant. Ut frå funn i vår synfaring i september 2022, kan den vurderast til å ha regionalt viktig (verdi B), noko som tilseier stor verdi jf. V712.



Figur 2: Vandalstjørna, naturtype kystmyr. Foto: Statsforvaltaren i Rogaland



Fig. 3. Avgrensing av naturtypen Vandalstjørn kystmyr (inkl. vann) utgjør om lag 54,3 daa (Ar5 NIBIO). Kjelde: temakart Rogaland

Om lag heile nedbørsfeltet til Vandalstjørn ligg innanfor tiltaksområdet. Overflateavrenning frå tiltaksområdet vil bli sterkt forureina av partiklar, og det er i skildringa av tiltaket påpeikt at vatn skal pumpast bort for kontrollert utslepp til fjord. Dette medfører at nedslagsfeltet til myrflata i stor grad vil forsvinne. Myr og tjern er avhengig av tilførsel av vatn. Det er derfor stor fare for at myrflata vil tørke ut. Eit slikt tiltak vil vere irreversibelt og råke ved heile eller større delar av naturtypen, det vil seie over 50 %. Eventuelle restareal vil også blir råka ved dersom størsteparten av nedbørsfeltet forsvinn. Ut frå V712 tabell 6-24 vil påverknadskategorien sterkt forringa vere aktuell. Når ein då set saman naturmangfaldsvurderinga «stor verdi» med grad av påverknad «sterkt forringa», så viser konsekvensvifta, jf. V712, at området vil få alvorleg miljøskade (---).




Fig. 4. Nedslagsfeltet for Vandalstjørn, som nedfor myrane renn ut i Ottøysundet. Kjelde: temakart Rogaland

Artar

Med omsyn til artar meiner Statsforvaltaren at utgreiingane er noko ujamne. Enkelte artsgupper er undersøkt i detalj, medan andre ikkje er undersøkt i det heile, sjølv om det er stort potensiale for å



finne sjeldne, trua og ansvarsartar i området. Ansvarsarter er artar der Noreg dekker ein stor del av arten sine kjente bestandar i verden. Artsmangfald i skog er svært stort, og ein betydeleg del av norsk raudliste for artar er knytt til skogsområde, jf. Artsdatabanken. Det går fram av KU at det ikkje er gjort utgreiingar knytt til mosar, sopp (eksklusiv lav) og insekt. I tillegg er det ikkje gjort utgreiingar med omsyn til amfibia.

Mosar

Området har sterkt oseanisk preg og regionen er rik på artar frå denne organismegruppa. Oseanisk klima er kjent for å vere gode klimaforhold for mosar, og saman med variert berggrunn, eksposisjon, naturtypar og treslag så gir dette forhold som rommar ein stor variasjon av habitat for mosar. Dette visast mellom anna ved at store deler av tiltaksområdet ligg innafør avgrensinga «*Høyere anslått potensiale enn 90 % av Norge*» for førekomst av trua arter, jf. hotspots 2015 i Økologisk grunnkart. Dette er høgare potensiale enn det som er vurdert i tilsvarande registrering for lav, som er ei undersøkt gruppe i området der det viser seg at fleire raudlisteartar førekjem. Det er også gjort registreringar av vingemose (*Douinia ovata*) som er ein av ansvarsartene i Noreg. Dette funnet er ikkje rapportert i KU. Asplan Viak påpeiker og at mosar ikkje er undersøkt, og at dette vil vere ei kjelde til usikkerheit i utgreiinga.

Sopp

Dei rike skogsområda innanfor påverknadsområdet, f.eks. Saga-lia, og det at det stadvis er store mengder dødved spreidd i skogen gir stort potensiale for funn av sopp i området. Slike habitat er kjent for å kunne ha stor rikdom av sopp, og kunne vere substrater for truga sopparter. Mellom anna er det registrert furusokkkjuka (NT). Asplan Viak nemner at det er knytt usikkerheit til kunnskapsgrunnlaget med omsyn til sopp.

Insekt

Det er ikkje gjort grundige undersøkingar av insekt. Det er fleire område som er særigne for insekt, f. eks. fiskelause vatn, myrflater i skog, og dødved i skog. At det er insektsrike areal ser me mellom anna gjennom ein betydeleg fuglefauna. Asplan Viak har poengtert at mangel på undersøkingar av insekt vil gi eit svakare kunnskapsgrunnlag.

Amfibia

I skogsområdet er det fleire fisketomme vatn, med myrareal rundt. Dette er potensielt habitat for mellom anna storsalamander. Det er ikkje gjort undersøkingar verken ved Tjødnane eller ved Vendalstjørna.

Landskapsfunksjonsområde og vilt

Tiltaksområdet ligg nord på Jelsahalvøya, og slik tiltaksområdet er illustrert så vil berre ei smal stripe ved Saga-lia forbinde Jelsahalvøya sør og Suldal i aust. Dette betyr at søre Jelsa blir så godt som avskoren frå omkringliggjande areal. Dette vil påverke hjortedyrbestandene på Jelsaheia, som i større grad vil bli isolert. Det er usikkert i kor stor grad det vil påverke bestandane negativt, men det vil klart bli ein reduksjon av funksjonsområde og vere ei grad av forstyrning langs moglege vandringslinjer i



terrenget. Basert på synfaringa Statsforvaltaren gjorde i september 2022, er det inga tvil om at området har ein stor bestand av hjortedyr. Eit bortfall av området vil ikkje berre føre til tap av leveområde og påfølgjande reduksjon i hjortebestanden, men også føre til at det landskapsøkologiske funksjonsområdet blir forringa. Skogen står fram som urørt, noko som aukar verdi for vilt og fugl. Under synfaringa gjennomført av konsulentar vart det også funne spor av gaupe (EN). Ein urørt skog med lågt tal besøkjande og ein svært god tilgang på byttedyr i form av hjortevilt tilseier at området kan karakteriserast som eit viktig leveområde for gaupe. I dette tilfellet er det ikkje dei naturgitte premissene, men næringsinteresser som er styrande for i kor stor grad området nyttast av gaupe. Jelsahalvøya er eit av områda i Rogaland med flest og hyppigast observasjonar av dette kattedyret.

Fugl

Innslag av ospeskog gjer at området er særleg attraktivt for spetteartar, og under synfaringa i september i år blei det i enkelte område med osp funne omfattande mengder med reirhull. Spetteartane kvitryggspett, dvergspett, grønspekk, gråspett og flaggspett er alle observert i området i hekketid. Mengdene med død ved bidrar til ein auka biodiversitet og livsgrunnlag for fuglane, og er sterkt medverkande til området sin attraktivitet for spetter. Tilstedeværelsen av desse spetteartene er i seg sjølve ein tydeleg indikator på verdien av området. I tillegg vil spettehola gjere området attraktivt for ei rekkje andre holrugarar som meiser, raudstjert, svartkvit fluesnappar og potensielt også perleugle. Verdien av området vil auke jo lengre det får stå urørt.

I kartleggingsrapporten over naturmangfald utarbeida av Asplan Viak omtalast spetteartene gråspett, kvitryggspett og dvergspett som arealkrevjande artar. Dei er av forvaltningsrelevans ettersom dei er uvanlege og indikerer verdifulle skogmiljø for artar knytt til eldre skog. I vår region er kvitryggspett særleg tilknytt bratte område med gammal furu- og lauvskog. Regionen er truleg eit av kjerneområda for kvitryggspett i Norge og Vest-Europa. Her har bestanden vore stabil, i motsetnad til delar av Østlandet kor den er utrydda.

Granmeis (VU) er ein art som trivs godt i gammal furuskog og står fram som ein karakterart i området. Arten kan både hekke i gamle spettehull eller sjølv hakke ut reirhull i rotne stubbar. I dette området har arten begge moglegheiter. Statsforvalteren i Rogaland var sjølv på synfaring i området i september 2022, og granmeis stod fram som ein av dei mest talrike fugleartane i området.

Storfugl er ein annan arealkrevjande art som har kjent speleplass i planområdet og orrfugl brukar området til næringsøk⁵. Under vår synfaring blei det funne ei ribba stokkand i skogen som sannsynlegvis var tatt av hønehauk (VU). Arten blir observert jamleg i området, men er ikkje konstatert hekkande. I eit langt perspektiv er konstatert hekking av mindre relevans då området innehar alle kvalitetar som krevjast for eit hekkeområde for hønehauk. To andre raudlista artar som er observert i området i hekketid er gjøk (NT) og grønfink (VU). Eit kjenneteikn ved rike naturområde er at det også kan dukke opp sjeldne og fåtalige artar. I planområdet er det blant anna observert syngande perleugle og kurtiserande musvåk. Særleg den førstnemnde arten er en sjeldan hekkfugl i Rogaland. Alle raudlista fuglearter observert i planområdet er vist til i tabell 2.

⁵ Asplan Viak (2021). Kartegging naturmangfold Innspill kommuneplan Jelsa, Suldal, versjon 02. 24 s.



Art	Rødlistestatus 2021	Relevant (hekkefugl)	Mindre relevant (kun overflyvende)
Granmeis	Sårbar (VU)	X	
Hønehauk	Særbar (VU)	X	
Grønnfink	Sårbar (VU)	X	
Gjøk	Nær truet (NT)	X	
Fiskeørn*	Sårbar (VU)	X	
Storspove	Sårbar (VU)		X
Taksvale	Nær truet (NT)		X

Tabell 2: Raudlista fugleartar som er observert i planområdet. Ei vurdering av korvidt observasjonen er relevant i plansaken er også foretatt.
*Ikkje i sjølve planområdet.

I tabellen går det fram at fiskeørn (VU) er ei hekkefugl som ikkje er observert i sjølve planområdet, men arten er likevel sårbar for forstyrning. Avstand frå planområdet til hekkelokalitet er under anbefalt minimumsavstand for arbeid helikopter/drone/sprenging, som er 1000 meter.⁶ Det er derfor betydeleg risiko for at reirlokalteten forsvinn som følge av steinuttak i planområdet. Hekkelokaliteten er unnateken offentlegheit. Meir inngåande detaljering kan ettersendast ved behov.

Naturmangfold nærliggjande vassdrag

I Slåttevassdraget er det registrert ål som er sterkt trua (EN) og aure (LC). Som del av sjøaureprosjektet i Rogaland er det gjennomført habitatkartlegging av nedre del av Slåttevassdraget (Kambestad mfl. 2020).⁷ Sjøaure vandrar opp til Slåttevattet, men det er ikkje kartlagt kor langt opp i vassdraget anadrome laksefisk kan vandre. Truleg er fleire av tilløpsbekkane til Slåttevattet produksjonsområde for anadrome laksefisk.

I 2022 blei det gjort funn av elvemusling i Slåttevassdraget på stekningen mellom Tysingvatnet og Jårviktjørna (Lunde, 2022)⁸. Statsforvaltaren har i tillegg fått melding om funn av elvemusling på nedre del av elvestrekninga mellom Jårviktjørna og Slåttevattet. Det er derfor grunn til å anta at heile vassdraget kan vere leveområde for elvemusling.

Bekk Indre Høyvik blei også undersøkt i samband med sjøaureprosjektet i Rogaland, og vurdert til å ha ei anadrom lengd på 520 meter. Totalt har den anadrome strekningen blitt vurdert til å vere «god» ut i frå morfologi, substrat og vegetasjon. Ungfiskproduksjonen er vurdert til å ha ein tettleik tilsvarande «svært god økologisk tilstand». I KU-vurderinga av bekk Ottøysundet blir det vurdert at det ikkje er påvist vasslevande organismar i bekken. Denne vurderinga er gjort på grunnlag av at det ikkje er gjort nokon kartlegging i bekken.

⁶ Multiconsult 2018. Anbefalte hensynssoner for sårbare arter for fugl. Notat. Dokumentkode: 10202416-RIM-RAP-0001, 6 sider.

⁷ Kambestad, M., S.E. Sikveland & C. Irgens 2020. Habitatkartlegging og forslag til tiltak for sjørret i vassdrag i Indre Ryfylke. Rådgivende Biologer AS, rapport 3102, 190 sider

⁸ Lunde, J. 2022. Funn av elvemusling. Stemdalen, Suldal kommune. Notat frå Ryfylke vannområde 19.01.2022. 4 sider.



Det blir opplyst at bekk Ytre Høyvik er kanalisert og røyrlagd over fleire strekningar. Det er fleire menneskeskapte vandringshinder som gjer at denne bekken truleg er mindre eigna for anadrom fisk.

Konsekvensutgreiinga som er utarbeida av Asplan Viak baserer seg utelukkande på eksisterande kunnskap. Kunnskapsgrunnlaget dei har nytta er følgjande:

- Metode for vurdering av vassmiljø frå Statens vegvesen sin rettleiar V712, Konsekvensanalysar (2021)
- Vann-nett og vannmiljø: innhenting av data vedr. økologisk tilstand, samt karakterisering av vannforekomstene
- NVE sitt lavvannskart NEVINA for generering av nedbørfelt og lavvannsføring
- Habitatkartlegging og forslag til tiltak for sjøørret i vassdrag i Indre Ryfylke, Rådgivende Biologer AS, rapport 3102, 2019.
- Omtale av kartlegging av elvemusling i Slåttevassdraget i Suldalsposten 26.1.2022.
- Feltrapport med funn av elvemusling av 19.01.22, Jarle Lunde, vassområdekoordinator, Ryfylke vassområde.


Det er ikkje blitt utført nokon systematisk kartlegging i samband med tiltaket, og ein KU på vassmiljø basert på eksisterande kunnskap blir derfor svært mangelfull.

Asplan Viak har ikkje vurdert bekk Ytre Høyvik, som vil bli påverka frå utbygging av anleggsveg ST1. Det er ingen eksisterande kunnskapsgrunnlag om bekk Ottøysund, konsekvensvurderinga av dette vassdraget er derfor ikkje reell.

Det er ikkje blitt kartlagt for elvemusling i nokon av dei aktuelle vassdraga, og dette representerer eit stort kunnskapshol. For å kunne ta omsyn til elvemusling i store utbyggingsprosjekt med fare for avrenning til vassdrag er det naudsynt med grundig kartlegging av romleg fordeling, tettleik og rekruttering, samt vasskvalitet og habitatforhold i heile vassdraget. Då elvemuslingen er avhengig av laks eller aure for å gjennomføre sin livssyklus må kartlegginga i tillegg omfatte fiskebiologiske undersøkingar i vassdraget. Elvemuslingen er vurdert som sårbar (VU) i Norsk raudliste for artar i 2021, og er ein ansvarsart for Noreg. Det er derfor viktig å vere merksam på at Miljødirektoratet har utarbeida ein nasjonal handlingsplan for elvemusling. Målet med denne planen er å sikre livskraftige populasjonar av arten over heile landet, slik at den kan fjernast frå den norske raudlista, og i staden oppnå kategorien «livskraftig» (LC). Noverande naturlege populasjonar skal derfor «opprettholdes og sikres en tilfrestillende rekruttering».

Dammar og tjern

Det manglar kartlegging av biologisk mangfald i tjerna innanfor og like utanfor det planlagde steinbrotet. Me har fått opplysningar frå Suldal kommune om at det er registrert salamander i tilsvarende vassførekomstar utanfor tiltaksområdet. Små fiskelause tjern og dammar har ofte ein særeigen fauna av krepsdyr, insekt og amfibia. Me ser det derfor som naudsynt at det gjennomførast kartlegging av biologisk mangfald i tjern/dammar som fjernast eller blir råka av tiltaket. Utan kartlegging i desse vassførekomstane er det vanskeleg å vurdere dei faktiske konsekvensane av tiltaka.



Avrenning til nærliggjande vassdrag

Tiltakshavar skildrar at avrenning frå uttaket skal skje til Sandsfjorden, og ikkje til Økstrafjorden. Dette har også kommunen sikra i tilhøyrande føresegner. Det er også sikra etablering av ein grøn vegetasjonsskjerm rundt brotet for å hindre avrenning. Kommunen legg dette til grunn i si vurdering av tiltaket.

Me setter spørjeteikn til vurderinga knytt til avrenning til Sandsfjorden. Store mengder av utsleppet kan pumpast og førast til Sandsfjorden, men det vil likevel vere ein stor komponent av utsleppet som vil vere diffus avrenning, særleg under periodar med mykje nedbør. Diffus avrenning vil følgje minste motstandsveg og renne mot lågare terreng, som i dette tilfellet vil vere Slåttevassdraget. Levetida til brotet er vurdert til å vere mellom 97-120 år, og å forvente at all avrenning i denne perioden vil gå utanom vassdraget, like ved brotet, er lite realistisk.

Me erfarer at noverande drift har eit vedvarande problem med avrenning. Diffus avrenning bidrar vesentleg til utsleppa frå verksemda, og til avtrykket verksemda allereie har hatt i Sandsfjorden. Av den grunn vurderer me at ei føresegn om at all avrenning skal skje mot Sandsfjorden ikkje kan fungere i praksis. Det er etter vår erfaring stort sannsyn for at diffus avrenning, sprengsteins-partiklar og støv vil påverke nærliggjande vassdrag gjennom brotet si driftstid.

Ettersom sannsynet for påverknad på vassdrag er stor, må det også gjerast ei vurdering av den faktiske konsekvensen dette vil ha på naturmiljøet i vassdraga. Partikkelavrenning til vassdrag vil føre til auka fare for tildekking av gyte- og oppvekstområde for fisk og elvemusling i nærleiken av tiltaket. Ei slik forringing av habitatkvalitet vil redusere artane sitt produksjonspotensiale og rekruttering i vassdraget. Mindre elvemusling, samt egg og plommeseikyngel av fisk som ligg nedgrava i grusen kan som ytste konsekvens døye som følgjer av mangel på oksygen- og næringstilførsel.

I KU for vassmiljø vurderer Asplan Viak at det er vassdraga Slåttevassdraget, bekk Indre Høyvik og bekk Ottøysundet som kan bli påverka av tiltaket. I tillegg til desse vassdraga vurderer me at bekk Ytre



Høyvik vil bli påverka. Bekk Ytre Høyvik blir ikkje påverka av uttaket direkte, men den vil bli påverka av traseen som skal byggast mellom eksisterande uttaksområde og framtidig brot på Kordalsnuten.

Folkehelse

Plan -og bygningslova § 4-2 om konsekvensutgreiingar forutset at helseomsyn vert ivaretatt i dei ordinære planprosessane og at ein difor bør innhenta og avklara helsemyndigheitene sine krav slik at dei kan inngå som ein del av kunnskapsgrunnlaget for planarbeidet (sjå lovkommentarane og rettleiar for konsekvensutgreiingar § 3). Me kan ikkje sjå at det er blitt gjort i dette planforslaget.

Me viser til våre merknader knytt til folkehelse innleiingsvis til kapittelet om utvikling på Berakvam. Etter vår vurdering har planomtalen og konsekvensutgreiingane som følgjer planforslaget ikkje i tilstrekkeleg grad undersøkt og vurdert eventuelle helsemessige konsekvensar av dei arealinnspela som gjeld næringsutvikling i Berakvam-området.

Klima

Innanfor planområdet er det fleire myrområde og skog med høg bonitet. I 2018 blei det vedteken statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (SPR klima). Føremålet med desse statlege planretningslinene er å sikre at kommunane og fylkeskommunen prioriterer arbeidet med å redusere klimagassutslepp og at klimatilpassing vert lagt vekt på i planlegging etter plan- og bygningslova. Statsforvaltaren, statlege sektormyndigheiter og fylkeskommunane skal leggje retnings-linene til grunn for si rettleiing og deltaking i planprosessar.

Me viser til kapittel 4.3 Krav til planprosess og beslutningsgrunnlag i SPR klima, som seier at ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det vurderast korleis omsynet til eit endra klima skal ivaretakast. Og at det bør leggast vekt på gode heilskaplege løysingar og ivaretaking av økosystem og arealbruk med betydning for klimatilpassing.

Omdisponering av karbonrike areal gir auka klimagassutslepp og reduserer framtidig opptak av karbon. Å bevare karbonrike areal er ei vinn-vinn løysing for naturmangfald og klimatilpassing. Natur som våtmark, myr, elvebredder og skog, har verdi i seg sjølv og kan dempa effekten av klimaendringar, og desse areala er viktige å sikre.

Det er utarbeida ei oversikt over klimagassutslepp ved utvidinga av Norsk Stein, men oversikten tar ikkje føre seg klimagassutsleppet ved sjølve omdisponeringa av arealet. Det går fram av rapport på klimagassutslepp at det ikkje er kjennskap til djupne på myra, og det er berre tatt omsyn til kor mykje drivstoff ein vil ha behov for å kunne omdisponere området. Det er ikkje gjort utgreiingar eller sett opp eit klimarekneskap over utsleppet knytt til omdisponering av karbonrike areal som myr og skog med høg bonitet. Kunnskapsgrunnlaget knytt til kor stor konsekvens tiltaket vil ha for klima er dermed ikkje tilstrekkeleg.

Tiltaket si positive effekt på samfunnsutvikling, kompetanseutvikling og lokalsamfunnet i Suldal bør vegast opp mot effekten tiltaket vil ha på klima og miljø. Det er vanskeleg å sjå at tiltaket skal bidra til målsetninga om lågutsleppsamfunn innan 2050, med tanke på dei irreversible utsleppa som følgjer av å disponera om areala.



Konklusjon

Det er lagt opp til ei omdisponering av 3000 daa urørt LNF-areal for drift opp mot 120 år. I tråd med KU-forskrifta § 17 første ledd siste punktum skal «*Konsekvensutredningens innhold og omfang tilpasses den aktuelle planen, og være relevant for de beslutninger som skal tas*». Føreslått arealinnspel er ikkje berre betydeleg i storleik, men også i tidsaspekt. Tiltaket vil gi 100 % irreversibelt arealbeslag, og omfattar betydelege øydeleggingar av bestandar, artar, naturtypar og landskap. Konsekvensutgreiingane som følgjer planforslaget har ikkje i tilstrekkeleg grad undersøkt og vurdert eventuelle helsemessige konsekvensar av dei arealinnspela som gjeld næringsutvikling i Berakvam-området. Vidare manglar det tilstrekkeleg vurdering av konsekvensane av omdisponering av karbonrikt areal. Slik saka føreligg er det uklart kva følgjene av tiltaket vil bli. Kunnskapsgrunnlaget står etter vår vurdering ikkje i forhold til saka.

Vidare viser gjennomgangen av naturinteressene i området over at kunnskapsgrunnlaget ikkje er tilstrekkeleg i høve til prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12. Vi syner til at det følg av naturmangfaldlova § 7 at desse prinsippa skal leggast til grunn ved utøving av offentleg myndigheit. Å sikre at naturmangfald er tilstrekkeleg utgreia følg vidare av innsigelsesunderskrivet T-2/16⁹ pkt. 3.6.

Kravet til konsekvensutgreiing av kommuneplanen følg vidare av plan- og bygningslova § 4-2 andre ledd. Som det går fram av ovanforne er Statsforvaltarens vurdering at konsekvensutgreiinga i denne saka ikkje er tilstrekkeleg grundig på naturinteressene, helsemessige konsekvenser og klima til å oppfylle krava i KU-forskrifta.

Samstundes vil den mangelfulle utgreiinga vere i strid med kravet til sakas opplysning i forvaltningslova § 17, og kan føre til at eit seinare kommunplanvedtak kan vere ugyldig.

På bakgrunn av desse forholda fremmer Statsforvaltaren derfor **motsegn** til RU1 og ST1, jamfør plan- og bygningslova § 5-4.


Støy

Støy skal gjerast greie for i høve til anbefalingane i T-1442 ved planlegging av støyande anlegg og verksemd. Det er utarbeida eit notat av Brekke og Strand som skildrar utrekningar gjennomført for utvidinga av Norsk Stein sitt brot i fase A til B, men støy i den aller første oppstarten er ikkje vurdert. Utrekninga er gjort for terrengsituasjon etter ca. 5, 10 og 30 år. Etter vår vurdering gjer dette at støyutgreiinga er mangelfull, då den ikkje skildrar utbreiinga av støy dei første fem åra av nytt uttak. Utgreiinga etter fem år viser at det vil vere bustader i gul støysone. Då støyen normalt sett vil vere høgare i oppstartsfasen av eit nytt brot, er det rimeleg å anta at endå fleire bustader vil bli råka av støy dei første fem åra av uttaket. Statsforvaltaren fremmer på grunnlag av dette **motsegn** til mangelfull støyutgreiing, jamfør plan- og bygningslova § 5-4 fjerde ledd og på grunnlag av vesentleg avvik frå støyretningslinje T-1442/2021.

⁹ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonale-og-vesentlige-regionale-interesser-pa-miljoomradet--klargjoring-av-miljoforvaltningens-innsigelsespraksis/id2504971/>

**NÆ1, VK13 og HOS1 (innspel 16-1), Berakvam**

(kai). Det er foreslått omdisponert eit areal til hamneområde, kai og næringsområde sør for noverande reguleringsplan for Norsk Stein på Berakvam. Arealet omfattar om lag 35 daa på land og 70 daa i sjø. Området er tenkt nytta til utviding av kaiområdet for Norsk Stein og etablering av ny tømmerkai for Suldal kommune. Kaiane skal byggast på fylling vest og sørvest på Tjørnanesegrunden, og strekk seg om lag 120 meter ut i sjøen. Vidare er føremålet å utvide eksisterande industriområde sørover, slik at området bak dei nye kaiane blir industriområde.



Det går fram av innspelet at tømmerkaia er tenk å ha ei djupne på 8 meter. Lastekaia må ha djupne 15 meter og ha fri kalinje på om lag 300 meter, og skal kunne nyttast av fartøy på opp til 70 000 tonn. Masse frå utspengninga av nytt industriområde bak kaiane skal nyttast til utfylling for bygging av kaiane.

Kommunen har avgjort å ta innspelet med i kommuneplanen, på grunnlag av samfunnsnyttan tiltaket er vurdert til å ha. Norsk Stein produserer 12 millionar tonn stein i året, og kaiane set grenser for auka produksjon. Omdisponeringa må sjåast i samheng med innspel om nytt uttaksområde for Norsk Stein. Det er gjort ei grundig vurdering av moglege stader for å plassere tømmerkai. Kommunen har kome fram til at dette i praksis er det einaste alternativet. Samla sett meiner kommunen at fordelane med tiltaket overstig ulempene, og med gode avbøtande tiltak vil det ligge innanfor det akseptable.


Det er registrert stor førekomst av taesskog i Giljanaset-Midsund som overlappar med eit gyteområde for torsk. Førekomsten får derfor verdi A. I tillegg ligg området i eit bølgebekymta område, noko som betyr at det også er potensiale for førekomst av sukkertaesskog. Den viktige funksjonen taeskogen har for marint naturmangfald og sjøfugl må takast vare på, og Statsforvaltaren fremmer **motsegn** til manglande tiltak for å hindre tap av viktig naturmangfald i samband med etablering av kaien. Motsegna kan løysast med at det blir sikra i føresegnene at fyllingsfoten blir forma, eller dekkja, av ein substans som vil fremme rekolonisering av tare.

Det er planlagt å nytta stadeigne massar av granodioritt i utfyllinga. Granodioritt, med høg hardleik, er eigna som utfyllingsmateriale. Det er likevel sprengt granodioritt som skal nyttast her, og sprengingspartiklar kan utgjere ein risiko for marine organismar. Sprengsteinspartiklar er skarpe og kan øydelegge særleg gjeller på fisk. I granodioritt kan det vere eit relativt høgt innhald av mineralet amfibol. Dette mineralet er fibrig, som gjer at den opptre som tynne, harde fiber. Dette utgjør eit problem for vassmiljøet då partiklane kan vere eit større problem for marine organismar enn det ein ville hatt i bergartar beståande av mindre fibrig materialar. Det er derfor svært viktig at det blir stilt krav til partikkelbarriere og avbøtande tiltak under utføringa. Statsforvaltaren har **fagleg råd** om at dette blir sikra i føresegnene.



I KU går det fram at det er spesiell aktsemd knytt til utfylling i sjø, og at geoteknisk rapport ligg føre. Statsforvaltaren vil her innleiingsvis rå til at det blir vist til resultatet av slike rapportar i KU, og at det ikkje berre blir vist til at det finst ein rapport. Særleg på område som er vurdert til å vere i sterk konflikt. I følgje geoteknisk rapport er det gjennomført prøveboringar, der det i prøvepunkt 2 og 16 er påvist siltrig leire med eit vassinnhald mellom 26 og 34 % i den siltrige leira. Me minner om at det, i høve NS-EN-1997-2, skal gjennomførast grunnundersøkingar i minst to omgangar. På grunn av funn av leire med sprøbotneigenskapar i prøvepunkt 16, har Statsforvaltaren **fagleg råd** om at det blir sikra i føresegnene at det skal gjennomførast prosjekteringsundersøking ved detaljregulering. Me minner vidare om at grunn berre kan byggast på, eller eigedom opprettast eller endrast, dersom det er tilstrekkeleg tryggleik mot fare eller vesentleg ulempe som følge av natur- eller miljøforhold. Dette går fram av plan- og bygningslova § 28-1.

Innspel nr. 8, Wind Works Jelsa, kombinerte formål bygg og anlegg, (næring/råstoffutvinning), KBA1 og HOS2. Det er foreslått omdisponert eit areal på land på om lag 830 daa og eit areal i sjø på om lag 660 daa. Føremålet med omdisponeringa er å leggje til rette for eit nytt industrianlegg for storskala produksjon av betongfundament til flytande vindturbinar, og montering av desse. Delar av arealet er i dag regulert til råstoffutvinning.



Det er fleire aspekt angående utforminga av Wind Works Jelsa som framleis er usikre. Denne usikkerheita gjer at det er vanskeleg å vurdere den potensielle påverknaden på marine habitat. Den føreslegne planen inkluderer utfyllingar i sjø, flytedokkar som strekk seg halvvegs ut i Straumbergsundet, utdjuピング/ sprenging av grunne sjøområde, peling, diffus avrenning frå land og frå utsleppsvatn, og endring av farled.

Naturmangfald

Korallrev

Ved innløpet til Sandsfjorden ligg dei to einaste kjente korallreva i Rogaland. Revet i Midsundet blei oppdaga og kartlagt av Statnett i samband med forundersøkingar til ein straumkabel frå Hylsfjorden til England (prosjekt North Sea Interconnector) og er sidan (2014) bekrefta gjennom undersøkingar føretatt av Det Norske Veritas (DNV) i regi av Norsk Stein AS (Fjukhomen, 2014). Denne undersøkinga fant også eit revområde i Straumbergsundet som ikkje blei funne igjen då DNV utførte ei ny kartlegging i 2019. I rapporten frå 2019 blir det presisert at dette var eit resultat av komplisert topografi. I rapporten frå 2014 påpeikte DNV at det med stort sannsyn er meir korallrev i dette området basert på funna som allereie er gjort og vanskelegheita med å finne korallreva. Denne vurderinga deler



Statsforvaltaren. Straumen, næringstilførselen og batymetrien i området er gunstig for vekst av korallrev, og området må detaljkartleggjast før ein kan gi ein heilskapleg vurdering av tiltaket.

I samband med Windworks Jelsa ønskjer forslagsstillar å etablere større utfyllingar i sjø, i tillegg til lekterar i Straumbergsundet. Begge desse tiltaka vil verke svært negativt inn på habitata til korallreva. Tiltaka vil tilføre partiklar både i anleggsperioden og i driftsperioden, samt endre straumforholda i både Straumbergsundet og Midtsundet. I tillegg kan ein forvente ytterlegare konsekvens for Midtsundrevet i samband med ein eventuell endring av farled.

Norske korallrev er, i motsetnad til tropiske korallrev, kaldtvatnskorallrev som ikkje er avhengige av lys. Den komplekse romlege strukturen korallreva har, og evne til å leve lenge (dei eldste delane av norske korallrev er datert til rundt 9000 år) gjer dei til svært artsrike økosystem. Me finn dei vanlegaste lokalitetane langs fjordsidene der det er god straum, spesielt på bratte parti, men ikkje for bratt. Vanlegvis finn ein korallar djupare enn 100 meter. Dei store korallområda er viktige leveområde for fiskeyngel, i tillegg til at både børsteormar, snegl, bivalver, rur, isopoder, kreps og reker førekjem spesielt i tilknytning til reva. Områda har dermed stor betydning for å oppretthalde det biologiske mangfaldet. I april 2022 sendte klima- og miljødepartementet eit ukast til endring av forskrift om utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova på høyring. Naturtypen korallrev er foreslått inkludert som utvald naturtype i dette utkastet. Når korallrev blir inkludert som utvalt naturtype vil det bety følgjande:

«Utvalgt naturtype må ses som en statlig retningslinje som skal sikre at naturtypen får mer vekt i avveinger mot andre samfunnshensyn, enn hensynet til natur normalt vil ha. Når et tiltak kan påvirke en forekomst av en utvalgt naturtype, skal en ved utøving av offentlig myndighet og ved forvaltning av det offentliges faste eiendom, ta særlig hensyn til forekomster av en utvalgt naturtype som kan påvirkes for å hindre at naturtypen forringes. Ved utøving av aktsomhetsplikten skal det tas særskilt hensyn til forekomster av utvalgte naturtyper for å unngå forringelse av naturtypens utbredelse og forekomstenes økologiske tilstand, og det er meldeplikt for noen typer tiltak. Ordningen innebærer dermed ikke fredning av den enkelte forekomsten. Utvelgelsen vil også innebære at naturtypen skal prioriteres sterkere ved fordeling av tilskudd.»

Korallane i norske farvatn fangar opp sine fødepartiklar ved hjelp av tentaklane, og jamn og god tilførsel av vatn med eigna fødepartiklar er derfor ein viktig faktor for fordelinga av korallar. Dersom mengda partiklar aukar, vil korallane slammast ned, og dermed ikkje kunne filtrere ut næring. I samband med dei føreslegne tiltaka vil partikkelspreiing under anleggsperioden vere forholdsvis kontrollerbare i form av partikkelbarriere. Utslepp frå diffus avrenning og drift generelt vil vere betydeleg meir utfordrande å avgrense. I tillegg til utsleppa frå Windworks Jelsa vil ein også få tilført prosessvatn frå det omsøkte tiltaket på Kordalsnuten. Det kombinerte utsleppet i Sandsfjorden er det ikkje tatt høgd for i konsekvensutgreiinga av tiltaket. Det er stort sannsyn for at det vil bli ei auka partikkelspreiing i særleg Straumbergsundet, som eit resultat av Windworks Jelsa og uttaket på Kordalsnuten. Den auka partikkelspreiinga vil sannsynleggjere ein forringing av korallrevet og habitatet det utgjer for det marine økosystemet.

Like viktig som tilgangen på næring, er straumen i området. Dersom straumen blir for sterk vil ikkje dyra klare å fange opp partiklar som vatnet fører med seg, og bli straumen for svak får dei ikkje nok. I Straumbergsundet vil straumen med alt sannsyn endrast som følgje av tiltaket. Kor djupt denne



straumendringa vil kunne merkast er uklart. Ei endring i straum vil kunne ha fatale konsekvensar for korallreva både i Midtsundet og i Straumbergsundet.

Jamfør naturmangfaldlova § 8 bør eit tiltak av denne storleiken ha strenge krav til kunnskapsgrunnlaget. Dette kravet må også sjåast i samanheng med risikoen for irreversible habitats-endringar for den snart utvalde naturtypen korallrev. Korallreva som er observert i Straumberg-sundet og i Midtsundet er av nasjonal interesse, og er dei to einaste observasjonane av slike revbyggande korallar i Rogaland.

Tareskog

Tareskogen som ein finn i norske fjordar er blant dei mest produktive økosystema på jorda. Dei representerer eit tredimensjonalt system med eit stort artsmangfald av både plantar og dyr. Planteartsmangfaldet i tareskogen bidrar til å auke mangfaldet av dyrehabitat. Mindre organismar som lev i tareskogen blir utnytta av ei rekkje fiskeartar, der særleg unge stadium av torsk, sei og lyr dominerer.

Sjøfugl er ein del av det tredimensjonale systemet, og det rike artsmangfaldet i sjøen utgjør sjølve livsgrunnlaget til desse fugleartane. Tareskogane er essensielle i eit velfungerande økosystem, og utgjør derfor eit viktig grunnlag for fuglelivet langs kysten. Mange sjøfuglbestandar har hatt ein kritisk bestandsreduksjon dei siste åra, og dessverre finn me mange av artane på raudlista. Ein stor del av Europa sine sjøfugl hekkar i Noreg, og derfor har me eit særskilt ansvar for å ta vare på dei. Fleire er norske ansvarsartar fordi me har meir enn 25% av den europeiske bestanden hekkande i Noreg.

I tillegg til korallreva som kan bli påverka av tiltaka, vil også delar av Giljanaset-Midtsund tareskogen gå tapt som eit resultat av tiltaket. Delar av førekomsten kan gå tapt direkte i samband med utfyllingar. Andre delar vil gå tapt som følgje av skyggelegging av sjøbotn på grunn av lekterar. Når ein etablerer lekterar, flytebyggjer eller liknande vil ein skyggeleggje sjøbotn under, og alt liv som er avhengig av sollys vil gå tapt. Lekterar som skal plasserast ut i samband med Windworks Jelsa skal liggje der permanent, og tareskogen i sundet må derfor sjåast på som tapt dersom tiltaket blir gjennomført.

Nasjonal laksefjord

Sandsfjorden er vedteken som Nasjonal laksefjord jamfør St.prop. nr 32 (2006-2007)¹⁰ og laksen frå det nasjonale laksevassdraget Suldalslågen har sin inn- og utvandringsrute forbi tiltaksområdet. Føremålet med nasjonale laksevassdrag og laksefjordar er å gi laksebestandane i Noreg særleg beskyttelse mot inngrep og aktivitet i vassdraga og i dei nærliggjande fjord- og kystområda. Beskyttelsesregimet opnar opp for nye tiltak og aktivitetar dersom desse ikkje medfører ein auka risiko for dei laksebestandane som skal beskyttast. Beskyttelsesregimet bygger på den grunnleggjande føresetnaden at summen av endringar i aktivitetane i vassdraga og fjordområda over tid ikkje skal medføre auka, men snarare redusert risiko for villaksen.

¹⁰ Om vern av villaksen og ferdigstilling av nasjonale laksevassdrag og laksefjorder. St.prp.nr.32 (2006-2007), 144 sider.



Det går fram av Rådgivende Biologer AS sin rapport 3480 (Tverberg & Hellen 2021)¹¹ at tiltaket sin konsekvens for delområda Sandsfjorden (Nasjonal laksefjord) og Suldalslågen (Nasjonale laksevassdrag) vurderast til «Betydelig miljøskade». Miljøskaden er i hovudsak knytt til det forhold at planlagde lekterar vil utgjere et hinder for postsmolten si vandringsrute ut Sandsfjorden:

«Lekterne vil dekke store deler av Straumbersundet, dette vil endre strømningsforholdene og skape barrierer for utvandrende postsmolt. Det er sannsynlig at det meste av den utvandrende postsmolten passerer gjennom Straumbersundet og Midtsundet på vei ut Sandsfjorden. Det er sannsynlig at utvandrende postsmolt vil bli forsinket i utvandringen forbi Straumsundet. Postsmolten vandrer også ofte i stim og en kan ikke utelukke at installasjonene og annen aktivitet i området vil føre til oppsplitting av stimene. Forsinket utvandring kan gi økt påslag av lakselus, noe som kan føre til økt dødelighet på den utvandrende postsmolten. Lenger oppholdstid i fjordsystemet og oppsplitting av utvandrende stimer kan også føre til økt predasjon fra både fisk og fugl.

En kan ikke utelukke at laksen når den har vært i havet kan bruke noe lenger tid inn fjorden etter at lekteren er plassert ut, men dette vil trolig være av liten betydning siden laksen når den kommer tilbake er betydelig større og mye mindre utsatt for predasjon, samt at påslag av lakselus i denne fasen ikke kan forventes å gi noen negative effekter på overlevelsen»

Statsforvaltaren i Rogaland meiner at planane for tiltaket, slik dei er framstilt i dag, medfører uakseptabel risiko for miljøskade på laksebestanden frå Suldalslågen og den nasjonale laksefjorden sin økologiske funksjon som vandringsrute for laksen frå Suldalslågen. Laksebestanden i Suldalslågen er allereie betydeleg påverka av vassdragsregulering. Vitskapelege råd for lakseforvaltning (VRL) har, basert på modellar for smittepresset og estimert dødelegheit grunna lakselus rapportert ein forventning om at dødelegheit relatert til lakselus på laksesmolt frå elvar i Sandsfjorden vil auke i komande år (VRL 2020). Det å opne for nye tiltak og nye aktivitetar i Sandsfjorden som bidrar til ytterlegare dødelegheit av postsmolt frå Suldalslågen vil derfor være i strid med formålet med nasjonale laksefjorder og nasjonale laksevassdrag då samla belastning aukar.

Folkehelse

Plan -og bygningslova § 4-2 om konsekvensutgreiingar forutset at helseomsyn blir ivaretatt i dei ordinære planprosessane og at ein difor bør innhenta og avklara helsemyndigheitene sine krav slik at dei kan inngå som ein del av kunnskapsgrunnlaget for planarbeidet (sjå lovkommentarane og rettleiar for konsekvensutgreiingar § 3). Me kan ikkje sjå at det er blitt gjort i dette planforslaget.

Me viser til våre merknader knytt til folkehelse innleiingsvis til kapittelet om utvikling på Berakvam. Etter vår vurdering har planomtalen og konsekvensutgreiingane som følgjer planforslaget ikkje i tilstrekkeleg grad undersøkt og vurdert eventuelle helsemessige konsekvensar av dei arealinnspela som gjeld næringsutvikling i Berakvam-området.

¹¹ Tverberg, J. & B.A. Hellen 2021. Windworks Jelsa, Suldal kommune. Kunnskapsgrunnlag med vurdering av verdi og konsekvens for marint naturmangfold, marine naturressurser, og anadrom laksefisk. Rådgivende Biologer AS, rapport 3480,26 sider.



Konklusjon

Statsforvaltaren meiner naturmangfald i sjø og konsekvensane for desse som eit resultat av tiltaket er mangelfullt utgreidd i samband med innspel om Wind Works Jelsa. Vidare medfører planane, slik dei er framstilt i dag, uakseptabel risiko for miljøskade på laksebestanden frå Suldalslågen og den nasjonale laksefjorden sin økologiske funksjon som vandringsrute for laksen frå Suldalslågen. Ei endring i straummønster i Straumbersundet vil kunne ha irreversible konsekvensar for dei sårbare marine habitata som finst her. Ei permanent auke i tilførte partiklar vil også kunne vere irreversibel. Vidare har planomtalen og konsekvensutgreiingane som følgjer planforslaget etter vår vurdering ikkje i tilstrekkeleg grad undersøkt og vurdert eventuelle helsemessige konsekvensar av dei arealinnspela, særleg sett opp mot utvidinga av området for råstoffutvinning i same området og samla påverknad av dette.

Også på dette området viser gjennomgangen av naturinteressene at kunnskapsgrunnlaget ikkje er tilstrekkeleg i høve til prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12. Samstundes vil den mangelfulle utgreiinga også her vere i strid med kravet til sakas opplysning i forvaltningslova § 17, og kan føre til at eit seinare kommuneplanvedtak kan vere ugyldig. Samstundes er konsekvensutgreiinga ikkje tilstrekkeleg grundig på naturinteressene og helse i disse områda til å oppfylle krava i KU-forskrifta.

Jamfør plan- og bygningslova § 5-4 fremmer Statsforvaltaren derfor **motsegn** til KBA1 og HOS2.

Det må gjennomførast kartlegging over sårbare marine habitat i tiltaksområdet. Vidare må det gjerast partikkelpreiingsmodell og modellering av endra straummønster. Det må finnast løysningar for tiltaket kor eventuelle lekterar ikkje hindrar utvandring av postsmolt, og kor dei naudsynte straumtilhøva for korallreva blir oppretthaldt. Som det går fram av Rådgivende Biologer sin rapport (Tverberg & Hellen 2021) er det eit mangelfullt kunnskapsgrunnlag med omsyn til laksen sitt vandringsmønster i Sandsfjorden generelt og postsmoltens vandringsveg spesielt. Det er behov for kunnskap om postsmolten si vandring forbi tiltaksområdet og korleis tiltaket si utforming vil påverke straumforholda og fisken sitt vandringsmønster. Det er heilt naudsynt at det vert gjennomført studiar av laksen si vandring i fjordsystemet og straumforholda i dei tre sunda fisken må passere forbi tiltaksområdet. Dette er naudsynt for å kunne ta vare på den nasjonale laksefjorden sin økologiske funksjon som vandringsveg for laksen. Temaet lysforureining vil også vere eit viktig tema som må omtalast i føresegnene til kommuneplanen og handterast i reguleringsplan.

Etter vår vurdering er desse aspekta heilt sentrale for å kunne vurdere kva naturtypar som faktisk vil gå tapt som eit resultat av tiltaket, korleis straummønsteret blir endra og kva verknad dette vil ha for både korallrev og smoltutvandring, kor ein vil kunne forvente størst partikkelavrenning og kva artar og habitat som vil påverkast .

Det må også gjerast greie for løysningar kor lekterane ikkje blir plassert i Straumbersundet. Det er viktig at det allereie i kommuneplanprosessen presenterast løysningar som foreinar både omsynet til laksen og verksemda sine behov. Rådgivende Biologer AS foreslår eksempel på avbøtande tiltak med omsyn til plassering og utforming av lekterane. Dette arbeidet bør vidareutviklast og kvalitetssikrast før det eventuelt kan tas inn i ein arealplan.

Statsforvalteren anbefaler også at det vert satt funksjonskrav for nasjonal laksefjord i kommuneplanen, eksempelvis:



«Strukturer i sjø skal ha ei utforming, plassering og lyssetting som ikkje bidreg til å forsinke eller hindre laksen si frie vandring ut og inn Sandsfjorden på ein måte som reduserer fisken sin overleving og bestanden sitt produksjonsgrunnlag. Tiltakseiger skal sørge for nødvendig overvaking og dokumentasjon på at funksjonskravet blir overholdt»

Omlegging av farled. Det er i arealkartet lagt inn ein framtidig, ny farled i Midtsundet. I føresegnene er dette omtalt slik:

2.5.3 Farled

«...Alternativ framtidig farled visast som framtidig farled gjennom Midtsundet.».

I dag går hovudfarleden gjennom Straumbergsundet. I kommuneplanen sin arealdel er det lagt inn eit alternativ for mogleg, framtidig farled gjennom Midtsundet. Midtsundet er i dag ikkje klarert for nattleg ferdsel. For å kunne etablere dette som hovudfarled må Kystverket vurdere konsekvensane av ein slik endring, og eventuelt må endringa leggest fram for høyring etter eigen prosess. Me kan ikkje sjå at ei slik endring av farled med dei konsekvensane det gir av inngrep, arealbeslag og redusert habitatskvalitet er tilrådeleg. Endringar for å klarere Midtsundet som hovudfarled vil påverke Kjølvikskorpa naturreservat og kunne ha store konsekvensar for sjøfugl og dyrelivet si bruk av naturressursar i Sandsfjorden.

Av forskrift om freding av Kjølvikskorpa som naturreservat, Suldal kommune, Rogaland, går det fram følgjande: «Føremålet med vernet er å sikre eit skogsområde med alt naturleg plante- og dyreliv. Av spesielle kvalitetar kan nemnast at ei heil øy dekkja av furuskog utan inngrep elles ikkje er kjent i Vest-Noreg».

Kjølvikskorpa er ein viktig representant for kystfuruskog. Skogsområdet har fått stå sida midten av 1800-talet, noko som skapar eit særeige preg, med natur i eiga utvikling. Dette er eit areal som i tillegg til sine naturverdiar, har betydelege naturvitskapelege verdiar som referanse. Skogen er og eit viktig område for småfugl med mellom anna granmeis (VU), og strandlinja er viktig for fleire sjøfugl. Det er også registrert hi-område for oter på øya, jf. faktaark (<https://faktaark.naturbase.no/?id=VV00000820>). Kor vidt det er i bruk i dag er usikkert, men området må framleis karakteriserast som eigna då det ikkje har skjedd inngrep i området.

I tillegg vil ei endring av farled forstyrre fugl som ligg på sjøen og nyttar desse areala som funksjonsområde. Mellom anna er det til tider store førekomstar av ærfugl (VU) i området. Ein endring av farled frå Straumbergsundet til Midtsund vil ikkje frigjere Straumbergsundet for fugl som funksjonsområde. Områda som er tilgjengeleg for fugl og dyreliv i denne delen av Sandsfjorden vil bli sterkt avgrensa, og det vil kunne påverke korleis fugl vil utnytte naturressursar i eit vidare strekk langs fjorden. Konsekvensane for fuglebestandar i området må utgreiast.

Ein farled nær Kjølvikskorpa vil medføre auka belastning i naturreservatet, og det vil medføre ein betydeleg auka risiko for at lastetrafiikk skal påverke strandlinja gjennom forlis eller utslepp. Midtsundet er eit trangt sund, og det vil være naudsynt med god merking. I mogleg vedtak om endring



av farleden til Midtsund må styresmakt for fastsetting av farled (Kystverket) vurdere påverknaden ein slik trafikk vil ha på naturreservatet, jf. § 49 i naturmangfaldlova. I ei slik vurdering må miljøprinsippa for det offentlege avgjere §§ 8-12 i nml, jf. § 7 i nml, ligge til grunn. Vurderingane som er gjort om naturverdiar og konsekvensar må være synlege i vedtaket.

Vidare må eventuelle merke og fyrlykt som tenkt plassert på Kjølviksskorpa naturreservat vurderast av forvaltningsstyremakta, i dette høvet Suldal kommune. I forskrift om vern av Kjølviksskorpa naturreservat så er det forbod mot «...tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar,...». Opplistinga er ikkje fullstendig», jf. § 4 punkt 3 i forskrift.


Det er heller ikkje noko i forskrifta som tilseier at det er eit unnatak, jf. § 5, eller at forvaltningsstyresmakta har høve til å gi løyve etter søknad, jf. § 6. Dermed må eit eventuelt inngrep vurderast etter § 48 i naturmangfaldlova. Her må det poengterast at eit av føremåla ved Kjølviksskorpa naturreservat er å ta vare på ei øy utan inngrep.

Det er ikkje klart kva for fysiske tiltak i det vil bli behov for, for å klargjere Midtsundet som hovudfarlei. Store fysiske tiltak vil ha ein irreversibel forringing på verneområdet og naturmangfaldet i Kjølviksskorpa og Midtsundet, og Statsforvaltaren vurderer at det føreligg ein reel sannsynlegheit for negative konsekvensar for nasjonale og regionale naturverdiar. Statsforvaltaren fremmer derfor **motsegn** til endring av farled, jf. plan- og bygningsslova § 5-4.

Samla merknader til utviding Norsk Stein, Windworks Jelsa og kai-området

Naturmangfald

I Rådgivende Biologer AS sin konsekvensutgreiing av Windworks Jelsa (Tverberg & Hellen 2021) er det konkludert med at verknadene for sjøaure/sjøaurebekkar gir «noko miljøskade». I Asplan Viak sin konsekvensutgreiing for utviding av Norsk Stein (Asplan Viak 2022) er det vurdert at samla konsekvens for tiltaket etter 30 år med uttak er «noko» til «middels» konsekvens.



Dei lokale verknadene for sjøaurebestanden og ytterlegare marint mangfald må vurderast ut frå samla belastning av både WindWorks Jelsa og Norsk Stein AS sine planar. Me forventar at Norsk Stein sine planar vil medføre bortfall av produksjonsområdet for sjøaure i både Indre Høyvikbekk og Ytre Høyvikbekk. Windworks Jelsa sine planar vil også medføre tap av lokale taeskoegførekomstar som er viktige lokale beiteområde for sjøaure i sjø. Aplan Viak har ikkje tatt høgde for risiko for avrenning og forureining frå steinbrotet til store delar av Slåttevassdraget som er eit sjøaurevassdrag. Me forventar derfor at verknadene av planane for lokale bestandar av sjøaure er større enn det som kjem fram av dei enkelte konsekvensutgreiingane.



Statsforvaltaren fremmer på bakgrunn av dette **motsegn** til manglande vurdering av samla belastning på marint biologisk mangfald. Det må gjerast greie for den samla belastninga frå både utvidinga av Norsk Stein sitt brot, utfylling i sjø ved etablering av nye kaiar, og etablering av tiltaka knytt til Wind Works Jelsa.

Støy

Statsforvaltaren kan ikkje sjå at det er gjort vurderingar knytt til samla støybelastning for alle nye og eksisterande tiltak på Berakvam. Det vil bli ein vesentleg støypåverknad dersom det vil vere drift samstundes på både tømmerkai, Norsk Stein sitt kaianlegg, Wind Works Jelsa og i Norsk Stein sitt nye uttaksområde. Me har **fagleg råd** om at ein utarbeider ein støyrapport for summen av støy for alle noverande og nye tiltak.

Avslutningsvis på temaet støy vil me påpeike at me har tatt utgangspunkt i ei uttakstid på om lag 120 år, slik det blir lagt opp til i rapportane som er utarbeidd på støy frå Norsk Stein. På synfaring den 10.10.2022 blei me gjort merksame på at dette ikkje er ei fastsett uttakstid, og at ved å ta ut ressursen hurtigare vil ein kunne legge til grunn ei driftstid på om lag 40-60 år. Dersom ein tek ut same mengde stein på under halvparten av tida, vil dette medføre ein langt meir intensiv produksjon. Det er uklart kva dette vil ha å seie for støysituasjonen i området. Statsforvaltaren rår kommunen til å gjere greie for denne problemstillinga, og eventuelt få utarbeidd oppdaterte rapportar som tar utgangspunkt i ei realistisk uttakstid. Dersom dette er usikkert, bør det gjerast greie for støysituasjonen ved ulike scenario.

Område for næring

Nr 22 Bjelkavik, Borgarliflot, Vintravika, Ytra Finnvik NÆ3. Statsforvaltaren er positive til at kommunen utvidar areala til eksisterande akvakulturlokalitetar slik at dei rommar fortøyingane til anlegga. På denne måten formaliserer kommunen det faktiske arealbeslaget i sjø. På generelt grunnlag er det viktig å påpeike at i våre vurderingar av forslag om utvida eller endring i slike areal, vurderer me ikkje lokaliteten sin bereevne i forhold til ein eventuell auke i biomasse. Det at areala blir utvida for å formalisere det faktiske arealbeslaget er dermed ikkje synonymt med eit løyve til auka produksjon ved desse lokalitetane. Dette kan med fordel preisiteras i føresegnene.

Nr 27 Grytevatnet (næring) NÆ4. Kommunen har fått innspel om utviding av eksisterande næringsområde ved Grytevatnet. Tiltaket vil føre med seg ei omdisponering av 5 daa avsett til LNF-område i kommuneplanen. Forslaget er vurdert til å vere i middels konflikt med omsynet til friluftsliv. Det går i dag eit turdrag kalla Nullen i Vatlandsvåg gjennom føreslått og eksisterande næringsområde. Dette er av Rogaland fylkeskommune kartlagt som viktig friluftslivområde. Statsforvaltaren har **fagleg råd** om at kommunen sikrar at forslaget ikkje kjem i konflikt med dette turdraget ved utarbeiding av detaljregulering. Vidare har me **fagleg råd** om at klimautslepp bør vurderast ved omdisponering av karbonrike areal som skog med høg bonitet og myr.

Område for råstoffutvinning

Nr 7, Fjetland Råstoffutvinning, RU2 Det er foreslått ei omdisponering av 64 daa LNF-areal til råstoffutvinning. I innspelet til kommuneplanen går det fram at delar av garden består av ein type fjell som eignar seg til uttak av murestein. Forslaget må sjåast i samband med innspel om campinghytter/



utleiehytter frå same forslagsstillar. Kommunen viser til at det er eit eksisterande uttak her og forslaget er derfor ei utviding av eksisterande uttaksområde.

I KU er det vurdert at tiltaket ikkje kjem i konflikt med naturmangfald, då det ikkje er spesielle registreringar i området. Statsforvaltaren kan derimot ikkje sjå at det er gjort registreringar i området. Basert på informasjon i økologiske grunnkart er det klart at området er i oseanisk seksjon i boreonemoral sone (med potensiale for borenemoral regnskog (VU)) og området er også i «hot spot» for mosar. På nærliggjande offentlege fuglelokalitetar er det observert fleire sårbare fugletypar. Det er viktig å påpeike at manglande registreringar i området ikkje er synonymt med at det ikkje finst viktig natur. Ofte er det derimot ein indikasjon på at det her bør gjerast kartleggingar for å auke kunnskapsgrunnlaget.

Å sikre tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag vil vere ein føresetnad i arbeidet med ein eventuell detaljregulering. Dette, saman med løysningar for avrenning og omsyn til støy og støv vil vere tema som må utgreiast og avklarast gjennom ein planprosess. Statsforvaltaren har **fagleg råd** om at ein oppdaterer kunnskapsgrunnlaget for konsekvens for naturmangfald allereie no, for å sikre eit best mogleg avgjerdsgrunnlag.

RU3, NÆ4 og HOS4 (innspel 20), Indre Åsarøy, Sauaskolten. Det er foreslått ei omdisponering av 1000 daa LNF-føremål til råstoffutvinning ved Indre Åsarøy. Det er foreslått eit pukkerk utforma som eit dagbrot, der sjølve brotet blir lokalisert på høgaste punkt på området. Øvste palle blir liggjande om lag 176 meter over havet. Det er ikkje avklart om det skal etablerast veg, tunnel eller transportband mellom industriområdet og hamn. Det er heller ikkje vist til korleis hamneområdet er tenkt utbygd ved sjø. Det er ikkje omtalt korleis overskotsmassar er tenkt deponert.

I KU er forslaget vurdert til å vere i sterk konflikt med fleire tema; naturmangfald, vatn og vassdrag, 100-metersbeltet, landskap, friluftsliv og folkehelse, infrastruktur og trafikktryggleik og forureining. Administrasjonen rår til at kommunen ikkje tar med innspelet i kommuneplanen, men forslaget blei likevel tatt med ved politisk behandling.

Statsforvaltaren vil i all hovudsak vise til administrasjonen si eiga tilråding om å ikkje ta innspelet inn i kommuneplanen. Me har i tillegg følgjande merknader:

Foreslått uttaksområde ligg nært eit samanhengande naturområde utan tekniske inngrep i eit nedskåra fjordlandskap, jf. NiN-landskap Artsdatabanken. Området ligg i sterkt oseanisk seksjon i den boreonemorale klimasone, jf. Økologisk grunnkart. Saman med trong fjordpassasje med bratte li ned mot fjorden vil dette skape stor variasjon i miljø og økologi.

Som det går fram av kommunen sin KU vil heile Sauaskolten bli fjerna og tiltaket vil føre med seg betydelege inngrep i fjordlandskapet. Området er i dag i stor grad urørt skogsmark og ligg i kort avstand til eit kartlagt INON-område. INON står for «inngrepsfrie naturområde i Noreg» og er definert som naturområde som ligg ein kilometer eller meir (i luftlinje) frå tyngre tekniske inngrep. Inngrepsfri natur er ein av åtte miljøindikatorar til nasjonalt miljømål 1.1, «*økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenestar*». Grad av urørt natur kjem også klart fram i at arealet har ein betydeleg del med eldre og gamal skogsmark, jf. KU. Det er mykje daudved i terrenget, jf. KU, noko som gjer at området har eit stort potensiale som funksjonsområde for fugl, insekt, sopp og lav. Her er det observert fleire omsynskrevjande artar til dømes storfugl, vandrefalk, hubro (EN, sterkt truga), musvåk, kvitryggspett



og granmeis (VU, sårbar). I tillegg så vil mengd råteved gjere området attraktivt for fleire holrugerer; spetter, meiser, raudstjert, svart kvit flugesnappar, og potensielt også perleugle. Verdipotensialet er stort då området er urørt. Med omsyn til naturtypar er området dårleg kartlagt, også i KU, dette skapar eit skinn av kunnskap men bidreg i større grad til usikkerheit med omsyn til konsekvensane av tiltaket.

Einskildeareal peikar seg ut som svært interessante. Til dømes delområde 3 Åskammen med edellauvskog. Her finner ein mellom anna lind (NT, nær truga), alm (EN, sterkt truga) og ask (EN, sterkt truga). Det er fleire større styvingstre blant desse, og marka har vore i ekstensivt beite, jf. KU. Styvar er eit viktig element i kulturlandskapet, og slike tre har eit stort potensiale for å inkludere truga artar, jf. Artsdatabanken. Det kjem ikkje fram av KU om dette er undersøkt. I ei undersøking av potensialet for å inkludere truga artar er det anslått at området har høgare potensiale enn 95% av Noreg med omsyn til mosar, og 90% av Noreg med omsyn til lav, jf. Økologisk grunnkart. Dette medfører at det er eit overvegande sannsyn for at området har truga artar innan desse artsgruppene.

Eksisterande kunnskap om naturverdiar er mangelfull og me kan ikkje sjå at naturtypekartlegging i KU følger anerkjent metodikk for naturtypekartlegging som krevst i KU, jf. § 17 i forskrift om konsekvensutgreingar. Det er ikkje tilstrekkeleg å levere eit oversiktsbilete, jf. figur 11 i KU. Dei ein skilde delområda er ikkje verdsett etter metode for naturtypekartlegging eller gitt verdi i samsvar med rettleiing for KU.

tiltaket vil og råke ved ein nasjonal laksefjord der laksebestanden har særskilt vern. Fjordområdet her er svært smalt og smoltutvandring vil vere kritisk nært et eventuelt anlegg. Korleis eit anlegg vil påverke vandringsmønster for laks og laksebestanden i fjorden er ikkje vurdert i KU. Det er heller ikkje gjort noko forsøk på å konsekvensutgreie tiltaket med omsyn til gytefelt for torsk. Desse naturverdiane og økonomiske verdiane for lokalsamfunnet er ikkje vurdert i KU. Av marine naturverdiar er det registrert svært viktig (verdi A) tareskogsførekomst med mogleg førekomst av sukkertareskog (EN, sterkt truga). Tareskog er viktige område for fleire marine artar, og området er rik på fisk med mellom anna fire truga artar, jf. KU. I tillegg så er området viktig for sjøfugl, derimellom ærfugl (VU, sårbar) som nyttar området til mellom anna næringsøk. Det er observert svært store flokkar med ærfugl som samlar seg i Sandsfjorden.

Tiltaksområdet ligg nært Øyna naturreservat og sannsynet for at tiltaket vil medføre negativ konsekvens for naturreservatet er stort. Det vil bli ein auka forstyrning av naturreservatet gjennom støv og støy. Det er også pårekeleg med auka trafikk langs naturreservatet som vil ligge i nærleiken av foreslått kai. Øyna naturreservat er eit skogsreservat som har store verdiar, mellom anna som boreonemoral regnskog. Denne skogen vender mot tiltaksområdet, og vegetasjon her vil vere svært lett påverkeleg for mellom anna støvforureining. Det er ein rik epifyttflora som gir denne skogen eit særpreg.

Vidare er støy eit sentralt tema. Det er utarbeidd ein støyrapport i samband med innspelet, men denne syner til å ta utgangspunkt i støysituasjon ved ei «fordjuping» i terrenget, og ikkje støysituasjonen frå start. Ved ei detaljregulering av området vil ein mest sannsynleg setje krav om etappevis uttak, noko som betyr at det vil ta tid før ein får ein slik utdjuping i terrenget jamt over heile uttaksområdet. Vidare er det ikkje tatt omsyn til støyrefleksjon og korleis støyen vil utarte seg. Dette vurderer me som sentralt då anlegget blir liggjande ved ein smal fjord. Avslutningsvis på tema støy er det ikkje gjort ei vurdering av samla støy sett opp mot dei foreslåtte tiltaka på Berakvam.



På bakgrunn av konflikt med kjente og sannsynlege verdier for naturmangfald på land og i sjø, negativ konsekvens for ein svært smal og karakteristisk del av fjordlandskapet og på grunn av mangelfulle støvvurderingar fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til innspelet RU3, NÆ4 og HOS4.

Statsforvaltaren vurderer kunnskapsgrunnlaget som svært mangelfullt dekket og det er ikkje gjort ein reell vurdering av naturverdiane og potensialet for naturverdier og funksjonsområde i KU. I dette høvet må kommunen basere sin avgjerd i stor grad på føre-var-prinsipp, jf. § 9 i nml, då kunnskapsgrunnlaget, jf. § 8, ikkje kan seiast å være tilstrekkeleg dekket av KU. Kunnskapsgrunnlaget skal settast i forhold til tiltakets omfang. Tiltaket vil medføre eit 100% arealbeslag og være av irreversibel karakter. Det er derfor å forvente at ein framlegger eit kunnskapsgrunnlag som dekker krav stilt til KU, jf. § 17 i forskrift om konsekvensutgreiing, sjå miljødirektoratet sin rettleiar for KU¹².

Andre typar nærare angitt bygg og anlegg

Innspelet 22-4, næring, hamneområde, småbåthanlegg og naust i Ytre Finnvik. Det er foreslått omdisponert eit areal på land og i sjø til høvesvis næringsområde, hamneområde og småbåthamn med naust. Næringsområdet på land skal vere tilknytt havbrukslokalitetane og ta unna det aukande behovet for base- og landfunksjonar tilknytt dette. Det er inngått avtale med grunneigar for ei samlokalisering av småbåthamn for hyttene i området. Innspelet er i KU vurdert til å vere i sterk konflikt med 100-metersbeltet, og middels konflikt med tema naturmangfald, landskap og ROS. I si samla vurdering viser kommunen til at satsinga i sjø med eksisterande akvakulturanlegg gjer det naudsynt med etablering av base- og landfunksjonar. Vidare viser kommunen til at satsinga på næring også er noko som inngår i planstrategien. Samla sett vurderer dei at konfliktpotensialet her er moderat, og vil gå inn for tiltaket. Det blir sett krav om detaljregulering.

Området ligg innanfor aktsemdsområde for snøskred, steinsprang og stormflo. Dette er ikkje nemnd i ROS-analyse. Det må gjerast ei vurdering av om arealet er eigna for utbygging. Statsforvaltaren fremmer derfor **motsegn** til manglande vurderingar av kjente risikofaktorar, jf. plan- og bygningslova § 4-3.

Vidare inngår området i Finnvik fjordlandskap som er kartlagt som eit regionalt viktig landskap. Det kartlagde området er relativt avgrensa i storleik, og næringsområdet, naust og småbåthanmna vil derfor leggje beslag på store delar av det kartlagde området. Frå før er det etablert ei bryggje og 2-3 naust i vika, i tillegg til om lag fem hytter. Strandsona er likevel relativt intakt og forslaget om omdisponering vil i stor grad endre dagens situasjon. Jamfør plan- og bygningslova § 1-8 skal det i strandsona takast særskilt omsyn til natur- og kulturverdier, landskap, friluftsliv og andre ålmenne interesser. Dersom hovudgrunnen til forslaget er å etablere ein landbase til lokaliteten i fjorden, vil me rå kommunen til å vurdere ei alternativ lokalisering som i mindre grad enn denne kjem i konflikt med omsyna bak plan- og bygningslova § 1-8. I tråd med Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona bør dette lokaliserast til område som er bygde ut frå før. Me har derfor **fagleg råd** om at kommunen vurderer ei alternativ lokalisering av anlegget.

¹² <https://www.miljodirektoratet.no/konsekvensutredninger>



Innspel 12 Vanvik Småbåthamn, SH1. Det er foreslått ei omdisponering av areal i sjø avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Føremålet er etablering av småbåthamn. Kommunen har hatt eit relativt høgt tal enkeltsaker som omhandlar etablering av småbåthamn, og det er derfor positivt at dette blir tatt inn som ein del av kommuneplanprosessen. Småbåthamna ser likevel ut til å vere svært lang, og Statsforvaltaren rår kommunen til å vurdere det faktiske behovet før ein legg ut eit såpass stort areal i kommuneplanen. Vidare har me **fagleg råd** om å sikre at småbåthamna blir etablert som flytebrygger. Dette for å redusere inngrep i sjøbotn. Det vil også vere viktig i ein detaljregulering å sikre eventuelle spyleløysningar for båtar som hindrar forureining til sjø.

Innspel nr 4, småbåtanlegg Ytre Bjerga, 4-4, ABA2. I Ytra Bjerga er det foreslått omdisponert eit areal frå bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, til småbåthamn. Statsforvaltaren uttalte seg til dispensasjonssak for etablering av flytebryggjer på same eigedom, i brev datert 17.02.2022, vår ref. 2022/897. Der råde me i frå å gi dispensasjon i saka, blant anna på bakgrunn av at arealavklaringar som dette burde avklarast gjennom eit langsiktig og heilskapleg perspektiv. Det var då tale om å leggje til rette for etablering av flytebryggjer i samband med akvakulturanlegg lengre inn i fjorden. Saka vart handsama av LMT-utvalet og det vart gitt dispensasjon, på vilkår om at det ikkje skulle mudrast eller sprengast. Statsforvaltaren valde å ikkje klage på vedtaket. Området som no er foreslått omdisponert er større enn det som låg til grunn for dispensasjonsvedtaket. Vidare er området for småbåthamn trekt inn på land. Administrasjonen har i KU vurdert at eit småbåtanlegg her vil vere spesielt konfliktfylt i høve til strandsonevern og landskap. Det blir også vist til at det er spelt inn forslag om småbåthamn i Vanvik. Statsforvaltaren støttar administrasjonen si vurdering, og har **fagleg råd** om at ein reduserer storleiken på området til det som er naudsynt for oppbevaring av båt til havlokaliteten, og at det sikrast i føresegnene at det skal nyttast flytebryggjer. Dette for å redusere behovet for inngrep i strandsona.

Grønstruktur

Turdrag frå Jelsavågen til Giljestranda. Det er komen innspel om tursti langs sjøen på Jelsa. For å lette tilgangen til ålmenta til sjøen, er det lagt inn eit turdrag frå Jelsavågen til Giljestranda. Turdraget har fått følgjande retningslinje:

«Langs denne traseen kan det ikkje iverksettast tiltak som i vesentleg grad forringar høve til allmenn ferdsel. Det kan etablerast tursti/gangveg/sykkelveg etter avtale mellom kommunen og grunneigar, eller etter detaljplan. Der det er behov for fysisk opparbeiding, skal traseval avklarast med kulturminnestyresmaktene.»

Det er i utgangspunktet positivt at kommunen vil leggje til rette for ålmenn ferdsel langs sjøen, men Statsforvaltaren saknar noko meir informasjon om tiltaket. Frå retningslinja tolkar me at det ikkje er avgjort om det blir fysisk opparbeiding på heile strekket og at det dermed er tale om ein enkel tursti som ikkje krev store inngrep. Me rår likevel kommunen til å leggje føringar for utforming i føresegnene, slik at ein sikrar ei grad av forutsigbarheit for framtidig etablering av tiltaket.



Bustadområde

B1 (innspel 6), Fisketjøn, Suldalsosen. Forslag om eit område for bustader på 4,5 dekar, litt nordvest for dagens bustadområde i Suldalsosen. Av KU går det fram at det totalt sett kan vere rom for seks bustadeiningar, mot nåverande tre, utan at det krev nemneverdig investering i infrastruktur eller liknande.

Forslaget er ikkje ei utviding av eit eksisterande bustadområde, det ligg meir som ein satellitt i eit aktivt landbruksområde. Det er i realiteten tale om å omdisponere og seinare regulere to tun på landbrukseigedomar til bustadføremål. Forslaget har høgt konfliktnivå av di det vil føre til at bustadinteressa får større vekt i eit viktig landbruksområde. Det er fulldyrka jord på alle kantar og forslaget inneber også omdisponering av noko dyrka mark. Det går fram av både planskildringa og KU at det er tilstrekkeleg med bustadtomter i alle grender. I Suldalsosen er det bustadtomter i Brakåsen. Seinast i [brev frå KDD og LMD den 23.03.22](#) har dei sterke jordvernføringane vorte presiserte. Der er kommunane blitt bedne om å føre ein streng jordvernpolitikk, ha ein effektiv arealbruk med god utnytting av areal som allereie er bygd, med referanse til dei statlege forventningane til regional og kommunal planlegging mv. I og med det er store areal i Brakåsen avsett til bustadføremål må utgangspunktet vere at det ikkje er trong for nye areal for utbygging. Å leggje opp til utbyggingsføremål midt i gode, aktive jordbruksområde er i strid med nasjonale og regionale føringar. Med bakgrunn i konflikt med jordvern- og landbruksinteresser fremmer me **motsegn** til B1. Skulle det vere trong for ytterlegare bustadføremål i Suldalsosen, må det vurderast som mindre utvidingar av eksisterande bustadområde, ikkje ein satellitt i landbruksområdet.

B2 (innspel 25-E), Vatlandsvåg. Det er foreslått eit område på 8 dekar til bustadføremål. Det er også forslag om fritidsbustader på tilgrensande arealet, sjå forslag FB4 under. Det ligg ein gjeldande reguleringsplan vest for området frå 2011, planid 201014 som har opna for fritidsbustader og to bustadhus. Nord for forslaget ligg ein gjeldande reguleringsplan (planid 021030) frå 2002 kor det er opna for både bustader og fritidsbustader. Det er elles mykje ledig areal for bustader og fritidsbustader i Vatlandsvåg, på Slåttå og Kjølvik.

Forslaget inneber ei opning for 1-2 bustadtomter på eit areal på 8 dekar. Føresegn § 1.2 punkt 1) opnar for unntak frå plankrav for fortetting/utbygging med inntil to nye bueiningar. B2 ligg i eit område registrert som aktsemd utløpsområde for snøskred og dels innanfor område for marin grense. Dette er ikkje nemnd i ROS-analysen. Det må gjerast ei vurdering av om arealet er eigna for utbygging. På bakgrunn av dette fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til mangelfull ROS-analyse, jamfør plan- og bygningslova § 4-3.

Området grenser til FB4 kor det ifølge KU er ønskje om 3-4 fritidsbustader frå same forslagsstillar. Sjølv om me er utanfor kommunesenter, jf. retningsline i regionalplan for Ryfylke pkt. 10, så er ei utnytting på to bustader pr 8 dekar ikkje tilfredsstillande. Me har **fagleg råd** om å ikkje legge inn nye område for bustader all den tid det er store reserver som allereie er planavklart og regulert. Dersom kommunen vel å ta innspelet inn, har me **fagleg råd** om at det blir sett spesifikt plankrav for B2 og FB4, gjerne også omsynssone «Krav til felles planlegging». Då vert det sikra at naudsynt infrastruktur, som veg, vatn/avløp, parkering, straum mv vert planlagd felles, omsynet til utgreiingar knytt til



fareområda blir sett på samla, og området kan bli best mogleg utnytta når det først vert regulert og utbygd. Området er registrert som «Viktige landskap i Rogaland, Vatlandsvåg», difor må landskaps-tilpassing og vere eit tema ved vidare planlegging.

Område for fritidsbustad

Det er i hovudsak tilstrekkeleg med område for fritidsbustader, og kommunen har store område (både regulerte og ikkje-regulerte) som har loge lengje utan å bli realisert, heile 1447 dekar med 250 byggeklare og 350 regulerte tomter. Det er eit område som no vert omdisponert frå fritidsbustad til LNF (på Løyning, om lag 40 dekar). Alle andre område vert vidareført, med «klausul» om å bli vurdert tatt ut ved neste kommuneplanrevisjon om dei ikkje blir realiserte før det. Kommunen har gjort prioriteringar av innspel ut i frå fem kriterier som går fram av planskildringa. Av KU for fleire av dei som er lagt inn er det argumentert med at tiltaket vil vere viktig som tilleggsnæring på mindre landbruks-eigedomar. Ei etablering av fritidsbustader som dette vil berre gje kortvarig gevinst for grunneigar ved sal av tomter, med mindre kommunen sikrar at det blir festetomter og med føresegnar om at jordlova § 12 framleis skal gjelde. Når me vurderer arealforslaga, ser me på arealbruksendringa og konsekvensane for dei sektorinteressa me er sett til å ivareta etter plan- og bygningslova. Det er forslag til fire nye område for fritidsbustad:

FB1 (innspel 4), Ytre Bjerga, Hylsfjorden. Er eit område på 9 dekar føreslått til fritidsbustad. Det går ikkje fram kva omfang/tal på hytter som er aktuelt. Arealet er i følgje KU registrert som innmarksbeite slik at det medfører omdisponering av dyrka mark. Av AR5 kan det for oss sjå ut som produktiv skog.

Ein del heilt sør går inn i område registrert som rik edellauvskog (BN00086409 Bjergaelva: Edelløvskog). Av naturbasen går det fram at avgrensinga av feltet for edellauvskog er omtrentleg i aust- og vestleg retning. Det vil seie at også vestlegaste del av det føreslegne området kan vere i konflikt med edellauvskogen. Området er ikkje prega av særlege tiltak eller utbygging i dag, og det inngår i KULA-området Hylsfjorden, Suldalsvatnet og Kvanndalen, eit område med kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse. Her går det fram av retningslinene for desse omsynssonene at omsynet til landskapet skal vektast tung, og at det må settast særlege krav til landskapstilpassing og utforming av nye bygningar mv i tråd med eksisterande bygningsmiljø i området dersom det blir nye tiltak i området.

Vidare ligg arealet i aktsemd utløpsområde for snøskred og steinsprang, i aktsemdsområde for jord- og flaumskred og snø- og steinskred samt dels innan område for marin grense. Jord- og flaumskred manglar i ROS-vurderinga, denne bør etter vår vurdering ligge på raudt (uakseptabel risiko). Vidare manglar det ei vurdering av om arealet er eigna til utbygging. Statsforvaltaren fremmer på grunnlag av omsynet til samfunnstryggleik **motsegn** til mangelfulle vurderingar av kjente risikofaktorar.

Då det allereie er ledige hyttetomter i Hylsfjorden anbefaler Statsforvaltaren å ikkje ta inn dette området for fritidsbustader. Dersom vurderingar knytt til ROS viser at området er eigna for utbygging, må det også gjerast ei betre vurdering kring avgrensinga av feltet opp mot edellauvskogen fyrst, så ikkje noko av dette blir sett av til fritidsføremål. Det må vidare settast spesifikke føresegnar for FB1



der det kjem fram krav til vidare detaljregulering, så som krav til vurdering rundt aktsemdområda, VA-situasjon, landskapstilpassing mv.

FB2 (innspel 37), Ullestad, Foreneset. Det er føreslått eit område på 12,5 dekar som ei utviding av eksisterande hytteområde. Det går fram av KU at planområdet utgjer 15 dekar (planskildringa seier 12,5), medan området som er eigna for hyttebygging er på 8 dekar. Det skal leggest opp til ti tomter med storleik på om lag 0,6 dekar. Det følgjer av føresegnene til kommuneplanen § 1.1 at det vil vere plankrav for dette området. Det er ikkje sett nokre spesifikke føresegner for sjølvfeltet FB2 i føresegnene. Av § 1.12 følgjer det fleire krav til utgreiingar av risiko og sårbarheit, skredfare, flaum mv ved seinare regulering av område som ligg innanfor ulike fareområde. Arealforslaget FB2 får «raudt» i KU knytt til ROS-tema, av di det ligg i område med fare for steinsprang, marin grense, aktsemdsområde snøras og høg radon. Det går også fram at det er utfordringar kring avkøyrsløse frå fylkesvegen, og ein smal og svingete veg. Når dei aktuelle risikoforholda er avdekka må kommunen og vurdere risiko og sårbarheit for dei uønskte hendingane, og identifisere tiltak for å redusere dette der det er naudsynt. Der det er hensiktsmessig må det lagast omsynssoner og knyttast til føresegner. Me har **motsegn** mot dette området som er lagt inn i kommuneplanen på tross av identifisert risiko, men utan vidare analyse og eventuelle tiltak.

Når det gjeld avkøyrsløseproblematikken, så er det allereie regulert inn avkøyrsløse frå fylkesvegen til fritidsbustadene nord for området i reguleringsplan 1134_200902 og 1134_200903. Terrenget på staden er bratt, vi oppmodar likevel kommunen om å vurdere om det er mogleg å etablere åtkomst til området frå nord, slik at veg og anna infrastruktur kan knyttast til desse områda. Dette kan løysast ved at det vert lagd på ein omsynssone med krav om felles planlegging, jf. pbl. § 11-8, 2. ledd bokstav e).

FB3 (innspel 20-2), Indre Åsarøy, Ropeidhalvøya. Det er lagt inn eit område for fritidsbustad på 52 dekar. Eigedomen er ein landbrukseigedom utan drift, der eigar ønskjer å få drift på garden retta mot skogbruk, frukt og turisme. Parallelt er det fremma eit forslag om råstoffutvinning mv på same eigedom, sjå merknader til RU3 og NÆ4.

Kommunen har sjølv vurdert at det er tilstrekkeleg med reserver for fritidsbustader i kommunen. Det er noko fritidsbustader på Åsarøy frå før, men eit hyttefelt på 52 dekar høgt oppe i terrenget her vil påverke landskapet betydeleg, då særleg frå sjøen. Samlokalisering av fritidsbustader og råstoff-/mineralutvinning står heller ikkje fram som særleg gunstig. Suldal kommune er godt kjent med naboskapskonfliktar mellom fritidsbustader og slik næringsaktivitet. Det går fram av KU at det kan vere utfordringar knytt til vatn/avløp samt at området ligg i aktsemdsområde for snø og steinsprang. Begge desse forholda er moglege å løyse ved vidare detaljregulering og utgreiingar og krav som vil komme der. Samstundes har kommunen fleire område for fritidsbustader som krev infrastruktur som gjer at areala ikkje let seg realisere på grunn av høge investeringskostnader.

Området er eit godt spetteområde med funn av kvitryggspett, grønspett, gråspett og dvergspett. Vidare er det leveområde for granmeis (VU) og gjøk (NT). Som det går fram av Asplan Viak si kartlegging av naturmangfald knytt til innspel til kommuneplan, Jelsa, Suldal, så er artane «av forvaltningsrelevans



da de er uvanlige og indikerer verdifulle skogmiljøer for arter knyttet til eldre skog». Det går også ei bekkekløft like aust for arealforslaget, registrert i naturbasen som naturtype ID BN00076448 Bekkekløft og bergvegg med verdi svært viktig.

Med bakgrunn i tilstrekkeleg arealreserve og omsynet til naturmangfald, har me **fagleg råd** om å ikkje ta inn dette området for fritidsbustader. Dersom kommunen vel å ta innspelet inn i kommuneplanen, må det settast spesifikke føresegner for FB3 der det kjem fram krav til vidare detaljregulering, så som krav til vurdering rundt aktsemdområda, VA-situasjon, landskapstilpassing mv. Det må også sikrast at det ikkje blir noko avrenning til bekkekløfta i aust, som kan forringe dei naturverdiane som ligg der. Me tek elles atterhald om å kome med uttale til seinare detaljregulering ut frå våre sektorinteresse dersom denne prosessen kjem i gang.

FB4 (innspel 25D), Sørtun, Vatlandsvåg. Her er vist eit område på 6,5 dekar, med forslag om 3-4 hyttetomter. Dette er dels omtala under forslag B2, då det ligg tilgrensande det føreslegne bustadområdet. Som utgangspunkt er det tilstrekkeleg med område for fritidsbustader generelt, slik kommunen sjølv har konkludert. Det er også mykje ledige/byggeklare tomter i Vatlandsvåg, til dømes Kjølvikstølen hyttefelt, jf. reguleringsplan 011031, mfl. Vidare har området skog av høg bonitet som har betydning for klimagassutslepp. Statsforvaltaren har **fagleg råd** om å ikkje legge inn nye område for fritidsbustader sidan det er store reserver som allereie er planavklart og regulert. Dersom kommunen vel å ta innspelet inn, må det vere under føresetnad av det blir sett plankrav saman med B2, jf. innspelet under B2. Det bør også gjerast greie for klimagassutslepp som følgje av omdisponeringa.

Område for fritids- og turistføremål

Kommunen har fått inn fleire innspel til ulike utleiehytter og andre typar overnattingstilbod, og har for desse tiltaka som skal drivast i kommersiell samanheng lagt det inn med føremål fritids- og turistføremål. Det har kome åtte slike innspel, og tre av desse er tatt inn i planen. Det er i følge kommunen vektlagt om innspelet eventuelt styrkar garden som ressurs, i tråd med kommuneplanen si samfunnsdel. Samstundes finn me ikkje nokre føresegner til desse områda som sikrar at jordlova framleis skal gjelde. Om ikkje dette blir tatt inn, er i realiteten desse areala frigitt frå landbruks-eigedommen dei ligg til, av di korkje jordlova § 9 eller 12 gjeld for område som i kommuneplanen er avsett til «bebyggelse og anlegg», jf. jordlova § 2, 1. ledd bokstav b). Me har **motsegn** til at kommunen ikkje har nytta heimelen i jordlova § 2, 2, ledd om å ta inn i føresegnene at jordlova framleis skal gjelde, så lenge desse aktivitetane skal fremme og styrke gardsbruka dei ligg til.

FTU1 (innspel 7), Fjetland. Det er lagt inn forslag til mikrohytter til utleige på eit areal på 48 dekar. På same eigedommen er det forslag om eit steinbrot for uttak av murestein, sjå vårt innspel til RU2. Mini-/mikrohyttene er spelt inn som eit forslag for vidareutvikling av garden for turisme og utleige.

Suldal kommune har vurdert at det ikkje er særlege konfliktområde kring innspelet til mikrohytter, ut over at det vil påverke landskapsbiletet noko og at det vil vere støy frå masseuttaket som også er føreslått. Kommunen skriv at «masseuttaket er av beskjedne storleik slik at drifta kan tilpasse seg hytteområdet som baserer seg på utleige. Dette må vurderast nærare i reguleringsplan for området».



Det vil, jf. føresegnene § 1.1 vere plankrav for eventuelle mikrohytter. Det går ikkje fram kor mange mikrohytter det er tale om, heller ikkje direkte kva som ligg i omgrepet mikrohytte. Sett opp i mot dei andre forslaga til slike fritids- og turismeføremål, jf. våre innspel under, synest arealforslaget å vere veldig stort. Det er som kommunen skriv allereie tilstrekkeleg med areal til ordinære fritidsbustader. Me har **fagleg råd** om å redusera storleiken på arealet FTU1 til det arealet det er trong for, og gjerne redusere det til eit areal vest for Åsen, noko som også vil bidra med ei naturleg skjerming mot RU2 om dette blir aktuelt som steinbrot. Me tek elles atterhald om å kome med uttale til seinare detaljregulering ut frå våre sektorinteresse dersom denne prosessen kjem i gang.

FTU2 (innspel 34), Tveita. Dette gjeld eit arealforslag på om lag 2,5 dekar til domer (iglotelt) til utleige. Det er tale om fem stykk, med areal frå 20 til 38 m² som skal plasserast på plattingar på bergknausar, med biotoalett i eige bygg. Det skal vere tilkomst til fots på sti, tre av domene skal ha solcellepanel og dei to som ligg nærast huset skal ha innlagt straum. Plasseringa i strandsona er gjort for å vere konkurransedyktig med andre liknande tiltak, og for å unngå utsikt direkte til Norsk Stein. Forretningsplanen er å selje «pakker» med opplevingar, der ulike lokale firma deltek.

Suldal kommune har teke inn fire av fem domer, der den austlegaste er teken vekk av omsyn til eksponeringa mot sjø og nærleik til sjøen. Kommunen syner til at dei ligg i sone 3 i statlege planretningslinjer for strandsona, at tiltaket er positivt for reiselivssatsinga og for arbeidsplassar i samarbeid med andre aktørar på Ropeidhalvøya. Det er lagt vekt på at tiltaket gir minimale inngrep i naturen, er reversible og ikkje legg til rette for korkje veg, vatn eller avlaup. Dersom kommunen følgjer opp med føresegn om at jordlova § 12 framleis skal gjelde for område FTU2, har me ikkje andre merknader til dette arealforslaget slik det er lagt inn no etter kommunen si justering.

FTU3 (innspel 35), Erøy. Det er føreslått to felt med høvesvis 1-3 og 1-5 tretopphytter og Artic Domes i utmarka på Erøy og tre felt med ei eining pr felt på sjølve Erøy-holmen. Det har vore ein dispensasjonssak for etablering av ei slik tretopphytte tidlegare, vår ref. 2020/9295, der me gav tilbakemelding om at eit slikt konsept hørte heime nettopp ved kommuneplanrullering og ikkje som dispensasjonssak.

Suldal kommune har ikkje gått vidare med forslaga på Erøy-holmen, av di reguleringsplan for dette området på holmen viser friluftsområde, noko me er samd i. Kommunen har gjort ei samla vurdering av dei to andre felta opp mot omsyn til natur, landskap, turløype opp i mot omsynet til tilleggsnæring til eit gardsbruk på Erøy mv. Basert på dette har kommunen vurdert å ta inn det eine av dei to føreslegne felta i utmarka, det som opnar for 1-3 hytter og som ligg lågast eksponert i landskapet og nærast tunet. Det går ikkje tydeleg fram av korkje innspelet eller kommunen si vurdering, men me husker frå den konkrete dispensasjonssaka at tretopphyttene skulle vere med bio-toalett og regnvatndusj, utan internett og med tilkomst til fots på sti. Me legg til grunn at det gjeld same enkle grad av tilrettelegging for det som no er under planlegging. Dersom kommunen følgjer opp med føresegn om at jordlova § 12 framleis skal gjelde for område FTU3 har me ikkje andre merknader til dette arealforslaget slik det er lagt inn no etter kommunen si justering.



Føresegner

1. Generelle føresegner og retningslinjer

Det er i føresegn 1.2 Unntak frå plankrav jf. PBL 11-10 nr. 1 opna for at kommunen kan fråvike plankrav for mindre utbyggingar, ombyggingar og bruksendringar når visse kriterium er oppfylt. Av punkt 1 går det fram at eit av kriteria er at utbygginga er å rekne som enkel fortetting/utbygging med inntil 2 nye einingar. Det er noko utydeleg om dette gjeld alle tiltak generelt, eller om det berre gjeld til dømes bustadbygg. Det kan med fordel tydeleggjerast kva type tiltak dette gjeld.

1.10 Miljøkvalitet, natur og landskap jf. PBL § 11-9

Av nr 6 bokstav a går det fram at inngrep i og omdisponering av myr og matjord skal haldast til eit minimum, og av bokstav b at det ved tiltak i nærleiken av myr skal eventuelle dreneringseffektar unngåast. Det er flott at kommunen har fokus på karbonrike areal. Dette er i tråd med nasjonale forventningar at slike området blir tatt vare på i arealplanlegginga. Bevaring av myr er viktig både for klima, klimatilpassing og biologisk mangfald. Det vil difor ofte vere konfliktylt å gjere inngrep i myrområde. Slik føresegna er formulert, kan det likevel gi inntrykk av at det er akseptabelt å gjere inngrep så lenge ein held det til eit minimum. Statsforvaltaren har fagleg råd om at kommunen spissar formuleringa meir slik at den ikkje gir eit signal om at terskelen er lågare enn det som er tilfelle. Me vil også oppmode til å inkludere karbonrike areal generelt i føresegna. Dette vil også følge opp målet i samfunnsdelen om at kommunen skal ta vare på myr, våtmark og andre karbonrike areal.

Landbruks-, natur- og friluftsføremål samt reindrift (LNFR)

Forslag til føresegner i kapittel 2.4 skil mellom føresegner for LNF-områda generelt i pkt. 2.4.1 og LNF-område med moglegheit for spreidd bustad,- fritids- eller næringsbusetnad (LNF-spreidd) i pkt. 2.4.2. Ordlyden og måten å framstille det på er i hovudsak ganske likt som i gjeldande plan, med nokre mindre endringar. Dei største innhaldsmessige endringane går på auke i storleiken på høvesvis bustadhus, fritidshus og garasjar.

2.4.1 LNF-område

I mai 2020 kom det ein ny [rettleiars planlegging av spreidd bustad,- fritids- og næringsbusetnad i LNF-områda](#) frå (den gong) Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Suldal kommune har gjennom fleire generasjonar med arealdelen til kommuneplanen nytta område for LNF-spreidd i område i kommunen der det er ønskjeleg med spreidd busetnad. Slik framstilling er i tråd med rettleiaren. Kommunen sjølv syner også til at slik framstilling for vidareutvikling av grendene er ein strategi i samfunnsdelen og i tråd med dei statlege planretningslinene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging for område med lite utbyggingspress og med busettingsbehov.

Forslag til føresegn 2.4.1 bokstav f) og g) definerer alle eksisterande bygde bustad- og fritidseigedomar i LNF-område (utanom LNF-spreidd-felta) som område med spreidd-busetnad, og at dei same reglane som for LNF-spreidd-felta skal gjelde. Dette er ikkje i tråd med rettleiaren. Statsforvaltaren har fremja motsegn mot slik generell framstilling i alle kommuneplanar som er under revisjon i Rogaland no etter at rettleiaren har kome.



Rettleiaren av mai 2020 tar for seg ulike måtar å framstille og handtere både nye og eksisterande spreidde hus og fritidshus i kommuneplanen sin arealdel. Det går spesifikt fram under kap. 3.8 at ei generell føresegn «*om at alle tidlige fradelte tomter innenfor LNF skal kunne bebygges for det formål de er fradelt til, eller at eksisterende bebyggelse skal kunne utvides i samsvar med dagens bruk, oppfyller ikke lovens krav til angivelse av omfang og lokalisering*». Det skal i følgje rettleiaren alltid følgjast opp med minimum matrikelnummer, kva type bygnad og omfanget på denne. På s. 42 går det fram at uansett framstillingsmåte, er det ein føresetnad at det blir framstilt på ein konkret og eintydig måte. Løysinga i kommuneplanen til Suldal er å bruke føresegner åleine for alle eksisterande bygde hus/fritidshus, utan at det er utarbeidd noko oversikt over matrikelnummer som er omfatta eller illustrasjonskart som synleggjer omfang og lokalisering utanfor dei særlege LNF-spreidd områda i plankartet. Dette er ikkje ei type framstilling som er i samsvar med rettleiaren, og vil vere i strid med plan- og bygningslova § 11-11 nr. 2.

Det går elles fram av rettleiaren pkt. 4.7 (s. 56) at det i nokre tilfelle vil vere eit alternativ til å sette av større område til LNF-spreidd, at det heller blir utarbeidd retningslinjer for dispensasjon. Det går fram at «*retningslinjer for dispensasjon er, som øvrige retningslinjer, ikke direkte bindende for tiltaks-haver, men de er førende for kommunens skjønnsutøvelse ved behandlingen av dispensasjonssakene. Nasjonale og regionale myndigheter er i utgangspunktet ikke bundet av retningslinjene, men de bør gi beskjed ved høring av kommuneplanen om de ser noe i retningslinjene som er i strid med nasjonale og regionale hensyn. Det vil bidra til omforente retningslinjer for dispensasjon og gi tiltakshavere og kommunen mest mulig forutsigbarhet.*» Det blir likevel poengtert at sjølv om det er gitt retningslinjer, så er det ikkje automatikk i å få dispensasjon, men at retningslinjene skal kunne forenkle saksbehandlinga og søknaden, ved at det er kjent kva kommunen ønskjer av informasjon og kva dei vil vektleggje.

Me har **motsegn** mot forslag til føresegn 2.4.1 bokstav f) og g). Dersom det skal vere føresegner som opnar for tiltak på eksisterande bustader og fritidshus i LNF-områda gjennom behandling av enkeltvise søknader, må desse spesifiserast gjennom til dømes lister med matrikelnummer i tråd KMD sin rettleiar. Alternativt må teksten gjerast om til retningslinjer for dispensasjonsbehandling, og då må likevel sakene behandlast som dispensasjon i tråd med plan- og bygningslova § 19-2.

2.4.2 LNF-område med høve til spreidd bustad-, fritids- og næringsbusetnad

Det følgjer av plan- og bygningslova § 11-11 nr. 2 "*at spredt bolig-, fritids- eller næringsbebyggelse og annen bebyggelse kan tillates gjennom behandling av enkeltvise søknader eller reguleringsplan når formålet, bebyggelsens omfang og lokalisering er nærmere angitt i arealplanen*".

Det går fram av forslag til kommuneplan at områda/felta for LNF-spreidd vert vidareført , og at det ikkje er det store talet på bustader, fritidshus eller næringsbygg som blir bygd i desse områda pr år. Kommunen har oppdatert tabellen over ledig tal einingar. Til dømes er feltet for hytter på Hebnes (LS_1) «brukt opp» og står no med kvote «0H». Feltet blir ståande i plankartet, av di det er gitt løyve til oppføring av to hytter, og desse vil vere omfatta av føresegnene for LNF-spreidd. Kriteria for å kunne byggje i tråd med LNF-spreidd føremålet går fram av føresegnene 2.4.1 bokstav a)-j).



Det er forslag om endring på storleiken for både bustadhus, fritidsbustader og garasje i høve til nojeldande plan sin øvre rammer.

2.4.1 bokstav g) opnar for bustadhus i desse områda på maks 250 m² BYA, med mønehøgde 8 m og gesimshøgde 6 m over terreng mv, mot dagens 200 m² BYA. I tillegg vert det i bokstav j) opna for garasjar på 75 m² i ei høgde (her må det settast ein øvre ramme for høgde slik som for hus), mot dagens 60 m². Denne endringa inneber at Suldal opnar for etablering av bustadhus med storleik langt ut over det som er normalt i LNF-områda i Rogaland. Eit bustadhus med BYA på 250 m² (vil gjelde inkl. terrasse) og mønehøgde på 8 meter kan fort bli på 400-450 m² BRA, om ikkje større. I tillegg blir det opna for garasje på 75 m². Det vil sei BYA på totalt 325 m². Me kan ha ei viss forståing for at det i Suldal kan vere trong for noko større garasjar i utkantområda enn det vil vere i meir sentrale strom i Rogaland. Til dømes vil ei hushaldning oftare ha to bilar, det er meir snø og kanskje trong for meir vinterlagring innandørs. Men er det trong for å auke både storleiken på garasje og bustadhuset samstundes? Me har **fagleg råd** om å halde på storleiken for bustadhus på 200 m² BYA. Det vil medføre at om nokon ønskjer å byggje større enn dette, så kan det vurderast konkret gjennom ei breiare vurdering i ei dispensasjonssak, utan at det blir opna «flatt» for slike store hus. Me kan ikkje sjå at det er gjort ei vurdering av konsekvensane av ei slik endring, korkje isolert sett innanfor kvoten på tal bustadhus (62 ledige, nokre allereie bygd) innanfor dei definerte LNF-spreidd-felta, men heller ikkje slik kommunen har lagt opp til – for alle eksisterande bygde bustadhus i Suldal kommune som ligg som spreidde bustadhus. Den føresegna har me motsegn til, jf. ovanfor.

2.4.1 bokstav h) opnar for fritidshus på maks 120 m² BYA (eksklusiv terrasse) og maks mønehøgde 7,5 m, mot dagens 90 m² BYA. Først vil me poengtere at det ikkje er høve til å fastsetje grad av utnytting på anna måte enn det som kjem fram av TEK17 § 5-1 andre ledd, jf. «*Grad av utnytting*» rettleiaren og NS 3940. Terrasseareal som ligg meir enn 0,5 m over gjennomsnittleg terreng skal alltid reknast med i total BYA, og kan ikkje kome i tillegg på ein eigen "kvote". Terrasseareal som ligg lågare enn 0,5 m over terrenget skal ikkje reknast med, jf. *Grad av utnytting* s. 20. Det er med andre ord ikkje høve til å ha ei føresegn som opnar for konstruksjonar eller bygningar ut over dei overordna rammene på 120 m². Det er sjølvsagt høve til å ha føresegner som gir føringar for storleiken på terrassar innanfor angitt BYA for tomta. Ein fritidsbustad med BYA på 120 m² (vil gjelde inkl. terrasse) og mønehøgde på 7,5 meter kan fort bli på 200 m² BRA, om ikkje større.

Me kan ikkje sjå at det er gjort ei vurdering av konsekvensane av ei slik endring, korkje isolert sett innanfor kvoten på tal hytter innanfor dei definerte LNF-spreidd-felta (53 ledige, nokre allereie bygd), men heller ikkje slik kommunen har lagt opp til – for alle eksisterande bygde fritidshus i Suldal kommune som ligg som spreidde hytter. Sistnemnde føresegn har me motsegn til, jf. ovanfor. Kva er talet på hytter som vil bli omfatta av denne auken i storleik totalt sett? Kva er verknaden av å auke BYA til 120 m² for alle desse? Samla sett vil den negative effekten av ei slik generell auke i areal kunne vere betydeleg. Dette vil få konsekvensar både i form av det faktiske arealbeslaget og i form av auka inngrep i landskapet. Slik føresegna er formulert er det heller ikkje differensiert noko på 100-meters-beltet og/eller langs vassdrag og for andre område. Statsforvaltaren fremmer **motsegn** til auka storleik på hytter i områder for LNF-spreidd-områda.



For føresegn **2.4.1 bokstav i)** om næringsbygg, må kommunen ta inn ei øvre ramme for høgde på bygget for å kunne styre dette, jf. rammene for andre typar bygg. Vidare bør det klargjerast at dette ikkje gjeld driftsbygg til landbruk, då det mest sannsynleg ikkje skal leggjast ein slik restriksjon på landbruksdrift i LNF-områda.

1.12.3 Flaum, havnivåstigning og stormflo

Føresegner som tar vare på flaumkapasitet i andre delar av vassdraget, og prioritering av opne naturbaserte løysingar er gode og viktige grep. Krav til overvasshandtering kan og gjerne kome inn her, så planlegginga betre kan ta vare på avrenning ved ekstremnedbør, også utanom flaumkartlagde vassdrag. Føresegnene kan med fordel tydeleggjere at naturbaserte løysingar for klimatilpassning skal prioriterast, til dømes ved å sikre vegetasjonssonaer langs vassdrag og fuktige område.

1.12.1. Det er positivt at kommunen ønsker å understreke behovet for dokumentasjon av risiko og sårbarhet i reguleringsplanar og ved utbygging av områder som ikkje er underlagt krav om regulering. Me vil understreke at føresegna ikkje kan avgrense kravet i PBL §4-3. «Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsformål, og eventuelle endringer i slike forhold som følge av planlagt utbygging» Me har derfor **motsegn** mot denne føresegna slik den nå er formulert.

1.12.3. bokstav d): Føresegnene strider mot TEK17. Det skal lagast eit faresonekart og bygg skal leggjast utanfor sona som ein hovudregel. Ein kan ikkje tillate bygging på eigars risiko. Me har difor **motsegn** mot denne føresegna.

1.12.3. bokstav e): Me minner om at bølgepåslag også må vurderast ved planlegging i strandsona

Ein bør ikkje sette forbod mot å la båthus og naust ligga lågare enn kote 1,5, men ein bør stille krav om at aktuelle avbøtande tiltak skal skisserast og dokumenterast.

2.1.6 bokstav c): me tilrår at ein krev at brygger og moloar skal dimensjonerast etter sikkerheitsklasse 2 i TEK17.

2.4.2. bokstav e): me tilrår at ein til slutt legg til ein setning om at trafikktryggleik skal vurderast, særleg trygg gang- sykkelveg til skule og senter. Dette er ei konkret oppfølging av samfunnsdelen.

Andre føresegn

For **1.5 Løysingar for veg og transport jf. PBL § 11-9 nr. 3** anbefaler Statsforvaltaren å omformulere til «*Avkøyrslar frå fylkesveg og riksveg i strid med godkjent arealplan skal godkjennast av vegmynde*», jf. veglova § 40.

I føresegn **1.8.1 Byggegrenser bokstav a** går det fram at «byggetiltak for å fremme friluftslivet kan gis løyve nedanfor byggegrense så lenge viktige økologiske funksjonar i strandsona blir bevart». Statsforvaltaren gjer kommunen merksam på at dette er ei ugyldig føresegn. Byggegrenser skal vere klare og tydelege, og det er ikkje heimel til å generelt opne for friluftstiltak frå byggeforbodet i strandsona.



Retningslinje til **1.8.1** seier at «*anna byggegrense kan settast i reguleringsplan, men konsekvensar for strandsone skal da utgreiast*». Dette følgjer allereie av § 1-8 og treng i utgangspunktet ikkje presiserast i føresegnene.

Det går fram av **1.8.2. Universell utforming bokstav b)** at *bygg der ålmenta skal ha tilgjenge skal utformast etter prinsippet om universell utforming*. Dette følgjer av TEK17 § 12-1 (2) og treng i utgangspunktet ikkje presiserast i føresegnene.

I **2.1.6 Andre typar bebyggelse- Naust, brygger og småbåtanlegg bokstav c** går det fram at «*etablering av brygger skal vurderast ut frå djupnetilhøve. Brygge skal ikkje vera til hinder for andre brukarar av området. Flytebrygger og småbåthamner skal ikkje oppførast utan avklaring gjennom plan*». Slik føresegna er formulert kan det tolkast slik at plankravet berre gjeld for flytebryggjer og småbåthamner, og at bryggjer som ikkje er flytebryggje eller småbåthamn er unnateken plankravet, og at det derfor er høve til å etablere bryggjer, uavhengig av storleik, utan plan. Statsforvaltaren har fagleg råd om at det presiserast betre at også bryggjer er omfatta av plankrav. Vidare bør storleik på bryggjer også vurderast ut frå lokale høve og omsynet til natur og landskap i strandsona, ikkje berre djupnetilhøve.

Med helsing

Bent Høie (e.f.)
statsforvalter

Marit Sundsvik Bendixen
fylkesmiljøvernsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Direktoratet for mineralforvaltning med
Bergmesteren for Svalbard
Rogaland fylkeskommune
Norges vassdrags- og energidirektorat

Postboks 3021 Lade 7441 TRONDHEIM

Postboks 130 4001 Stavanger

Postboks 5091 0301 Oslo

Majorstuen

KYSTVERKET

Postboks 1502 6025 ÅLESUND

FISKERIDIREKTORATET

Postboks 185 5804 BERGEN

Sentrum